

# BACHELOROPPGÅVE

## «Kartlegging av barn i barnehagen»

Ei bacheloroppgåve om kartlegging  
av barn i barnehagen.

av

Kandidatnummer: 100  
Kjersti Yndestad

**Mapping out children in kindergarten.**

A bachelor thesis about  
mapping in kindergarten

Barnehagelærerutdanning

BLU3-1006

Desember, 2014



**Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 100, Kjersti Yndestad

JA X            NEI

## Innholdsfortegnelse

1.0	Innleiing.....	3
1.1	Bakgrunn for val av tema .....	3
1.2	Avgrensing og omgrepsavklaring. ....	3
2.0	Metode.....	4
2.1	Val av metode.....	4
2.2	Val av informantar.....	5
2.3	Datainnsamling.....	5
2.4	Analyse og bearbeiding av data. ....	6
2.5	Validitet, reliabilitet og kjeldekritikk. ....	7
2.6	Etiske omsyn.....	8
3.0	Teori.....	9
3.1	Spesialpedagogisk hjelp.....	10
3.2	Kartlegging.....	10
3.3	Foreldresamarbeid. ....	13
4.0	Empiri .....	15
4.1	Spesialpedagogikk .....	15
4.2	Kartlegging.....	16
4.3	Foreldresamarbeid .....	17
5.0	Drøfting.....	18
5.1	Spesialpedagogisk hjelp.....	18
5.2	Kartlegging.....	19
5.3	Foreldresamarbeid .....	21
6.0	Avslutning.....	22
7.0	Litteraturliste.....	24
8.0	Vedlegg .....	26
8.1	Informasjonsskriv .....	26
8.2	Intervjuguide .....	27
8.3	Empiri – Nils.....	29
8.4	Empiri – Åse.....	36
8.5	Empiri – Kari .....	40
8.6	Empiri – Liv .....	44

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

I denne oppgåva er temaet kartlegging og spesialpedagogikk. Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet [KD], 2011) nemner *spesialpedagogikk* fire gonger, men seier ikkje noko om kva spesialpedagogisk arbeid i barnehagen handlar om. Kartlegging er heller ikkje eit mykje omtalt tema i rammeplanen. Berre ein gong er ordet *kartlegging* nemnt i, i setninga: «Videre er helsestasjonen sentral i kartlegging av barns språk» (KD, 2011, s. 60). Likevel er kartlegging dei siste åra blitt ein meir og meir sentral del av kvardagen i barnehagen.

Føremålet med oppgåva er dermed å finne ut meir om kvifor kartlegging i barnehagen er så sentralt. I løpet av dei to første åra som barnehagelærarstudent har eg i praksis fått oppleve at ingen barn i barnehagen har dei same behova og at kvar enkelt barnehagelærar har ein enorm jobb med å planlegge og legge til rette kvardagen og særskilde aktivitetar slik at dei høver for alle barna i barnegruppa. Dette er eitt tema eg veit eg som framtidig barnehagelærar vil ha stort behov for å ha kunnskap om, samt eit tema eg synast er svært interessant. På bakgrunn av det eg har erfart rundt tema spesialpedagogikk og kartlegging enda eg opp med problemstillinga: «Kvifor kartlegg vi barn i barnehagen og kva fører eit auka fokus på kartlegging til?»

### 1.2 Avgrensing og omgrepsavklaring.

Ut frå problemstillinga ynskjer eg no å finne ut meir om kartlegging av barn i barnehagen og bruken av spesialpedagogiske tiltak, *spesialpedagogisk hjelp* i barnehagen. På bakgrunn av den informasjonen eg fekk av informantane i intervjuet har eg valt å avgrense kartleggingsdelen av oppgåva til å hovudsakleg omhandle språkkartlegging. Det er med bakgrunn i at det var språkkartlegging informantane hadde mest erfaring med, samstundes som dei av kommunen var pålagt å TRAS-kartlegge alle barn frå 2-5 år i barnehagen. Vidare i denne delen vil eg avgrense og definere enkelte omgrep som eg nyttar vidare i oppgåva.

Kartlegging inneber ulike metodar for å skaffe seg kunnskap om barn si individuelle utvikling og på same tid ser ein barnet si utvikling i samheng med barnegruppa. Nytteverdien er avhengig av pedagogen sine evner til å forstå, predikere og vurdere tiltak, både på gruppe- og individnivå (Röthle, 2011 og Vogt, 2014). Denne tolkinga dannar grunnlaget vidare i oppgåva. For å gjere oppgåva ryddig og presis har eg valt å nytte berre ein tittel på dei tilsette i barnehagen med høgare utdanning. I tilfelle der det ville vore naturleg å nytte titlar som *førskulelærar*, *barnehagelærar* eller *pedagogisk leiar* vel eg å nytte barnehagelærar som ein samlebetegnelse. Barnehagelærar er ein høvesvis ny tittel som erstattar førskulelærartittelen etter at den nye utdanninga tredde i verk hausten 2013. Grunnen til at eg vel å nytte tittelen barnehagelærar også for dei som arbeider som pedagogisk leiar

er at dei i utgangspunktet har lik utdanning og at mange barnehagelærarar driv med kartlegging i barnehagen sjølv om dei ikkje er tilsette som pedagogiske leiarar. Unntaket for bruken av tittelen barnehagelærar er i direkte sitat og dersom eg omtalar informantar eller andre som har stilling som pedagogisk leiar. Då vel eg å nytte pedagogisk leiar for mest mogleg presis informasjon. Både i faglitteratur og i empirien min vert omgrepet foreldre mest nytta. Eg vel difor å nytte foreldre og ikkje føresette som omgrep vidare i oppgåva.

## 2.0 Metode

Aubert (1985) i Dalland (2012) beskriv metode som ein framgangsmåte for å løyse problem og komme fram til ny kunnskap. Den metoden ein vel blir ein reiskap i høve det vi vil undersøke (Dalland, 2012). I denne delen av oppgåva seier eg noko om val eg har tatt, korleis eg har arbeidd for å finne empiri, analyse og bearbeiding av dei empiriske funna mine, samt noko om reliabilitet, validitet, kjeldekritikk og etiske omsyn i oppgåva.

### 2.1 Val av metode

Dalland (2012) seier at metode er eit verktyg ein nyttar seg av når ein vil undersøke og finne informasjon om noko. Han skil mellom to ulike metodar, kvalitativ og kvantitativ. Ringdal (2013) seier at valet mellom ein kvalitativ og kvantitativ forskingsstrategi kan sjåast som eit pragmatisk val eller som eit val av vitskapsfilosofisk standpunkt. Vidare seier ho at i positivismestrida rundt 1970 argumenterte filosofar og sosiologar mot bruk av kvantitativ forskning i samfunnsforskning fordi dei hevda at den kvalitative metoden var meir tilpassa samfunnsvitskapen der menneska sine handlingar var i fokus. I dag ser ein derimot pragmatisk på val av metode der kvalitativ og kvantitativ metode er komplementære, samt at problemstillinga bør vege tungt for kva metode ein vel (ibid.).

På bakgrunn av problemstillinga mi, kvifor kartlegg vi barn i barnehagen og kva fører eit auka fokus på kartlegging til?, har eg valt å bruke den kvalitative metoden i undersøkinga mi. Grunnen til det var at eg ønskte å få innsikt i korleis barnehagelærarar arbeider med kartlegging, samt at eg er interessert i deira tankar, erfaringar og opplevingar rundt tema. Ringdal (2012) skil mellom fem ulike design, metodar for å gjennomføre undersøkinga, der dei mest vanlege for kvalitativ metode er tverrsnitt og casestudie. Eg valde å nytte designet tverrsnitt der ein har samtaleintervju med eit lite utval personar. På den måten kunne eg få svar på spørsmåla problemstillinga reiser. Jacobsen (2013) kallar samtaleintervjuet for det opne intervju. I slik informasjonsinnhenting ligg det svært få eller inga avgrensing i kva som kan seiast, noko som eignar seg når ein er interessert i kva ein person seier, personen sine haldningar og oppfatningar, samt når vi er interessert i korleis ein person fortolkar og

legg meining i eit spesielt fenomen (ibid.), i dette tilfellet spesialpedagogikk og kartlegging av barn i barnehage.

## 2.2 Val av informantar

Eg har valt å nytte meg av fire informantar, tre pedagogiske leiarar og ein styrar. Alle dei fire informantane arbeidde i same barnehage som eg hadde praksis i haust. Grunnen til at eg valde informantar på den måten var hovudsakleg av praktiske årsaker, men også på grunnlag av at eg antok at dei valde informantane hadde noko å bidra med til problemstillinga, altså det Dalland (2012) kallar strategisk val av informantar. Ved å ha alle informantane i same barnehage fekk eg gjennomført intervjuet utan at det var så veldig tidkrevjande. For å halde avdelinga eg var i praksis på avskilt frå arbeidet med bacheloroppgåva valde eg å ikkje intervju pedagogisk leiar på avdelinga, min praksislærer, samt at eg gjennomførte intervjuet utanom den arbeidstida eg var i barnehagen som student. Dette er eit forskningsetisk omsyn, noko eg utdjupar 2.6 – Ethiske omsyn. I tillegg synast eg det var greitt å unngå å ta med praksislærer som ein informant fordi eg då ville hatt ein informant som eg kjende betre enn dei andre. No har eg fire informantar som eg i forkant av intervjuet hadde like lite kjennskap til, noko eg tenkjer styrka intervjusituasjonen og svare informantane gav.

## 2.3 Datainnsamling

I forkant av praksisperioden tok eg kontakt med styrar i barnehagen og sende ut eit informasjonsskriv som ho distribuerte vidare ut til barnehagelærarane (vedlegg 1). Styrar gav tilbakemelding om at ho ønskte å velje ut kven av barnehagelærarane eg skulle intervju. Som ei førebuing til intervjuet laga eg ein intervjuguide, ei oversikt over kva tema eg skulle innom i løpet av intervjuet, slik at intervjuet inneheldt ein viss struktur (Jacobsen, 2013). I forkant av intervjuet var eg usikker på om eg skulle levere ut intervjuguiden til informantane eller ikkje. Eg vurderte å ikkje gjere det fordi eg ønskte at dei skulle svare så ærleg som mogleg og ikkje komme til intervjuet med førebudde svar, men når ein av informantane bad om å få sjå intervjuguiden på førehand valde eg å dele den ut til alle informantane ein dag på førehand slik at informasjonen til kvar enkelt var lik. Eg var opptatt av å presisere at det ikkje var meininga at dei skulle førebu seg noko særleg til intervjuet, men at dei gjerne kunne sjå over spørsmåla og tenke gjennom dei ulike elementa slik at eg fekk utfyllande svar. Om dette var med på å styrke eller eventuelt svekke validiteten i oppgåva er ikkje mogleg for meg å seie noko om, men i intervjuet oppfatta eg det som at informantane gav ærlege svar. Intervjuguiden bestod av opne, men konkrete spørsmål (vedlegg 2). På denne måten fekk informantane moglegheit til å komme med eigne synspunkt og tankar, samstundes som vi hadde konkrete spørsmål å gå etter undervegs i intervjuet. Personleg synast eg dette var ein veldig grei måte å gjennomføre intervjuet på då eg hadde moglegheit til personleg kontakt med informantane gjennom heile intervjuet og på den måten kunne eg leie samtalen, stille oppfølgingsspørsmål undervegs og nytte intervjuguiden som eit

verktøy som losa oss gjennom samtalen. Mi oppleving av å vere intervjuar har vore positiv. Som nemnt var intervjuguiden eit godt verktøy for å få flyt i samtalen. I forkant av intervjuet var eg spent på om bruken av lydopptak ville føre til ei spent stemning i intervjuet, men når eg hadde starta lydopptaket og lagt bandopptakaren litt til side var den uforstyrrende både for meg og informantane. Erfaringane eg tok med meg frå pilotstudiet gjor også til at var komfortabel i intervjusituasjonen. Fleire av informantane gav tilbakemelding på at dei synast eg hadde utarbeidd ein god intervjuguide som var lett å forstå, som var samanhengande og open nok til at dei følte dei kunne prate fritt om tema. Intervjuguiden var utforma etter utprøvingar gjennom eit pilotstudie.

Eit pilotstudie er ei forundersøking som ofte blir brukt for å auke gyldigheita på undersøkinga ved at ein blir sikrere på at ein stiller dei riktige spørsmåla og gjennomfører undersøkinga på ein god måte (Jacobsen, 2013). Eg valde å gjennomføre pilotstudiet på så lik som mogleg måte som eg ville gjennomføre sjølve undersøkinga. Grunnen til det var at eg ønskte mest mogleg realitet i intervjuet og eg trur at eg på den måten fekk meir nytte av pilotstudiet enn dersom eg til dømes hadde gjennomført det på ein medstudent eller nokon utan erfaring frå arbeid i barnehage. Pilotstudiet gjennomførte eg med ein styrar som har bakgrunns erfaring som pedagogisk leiar. Planen var å gjennomføre pilotstudiet med personleg intervju, slik som i sjølve undersøkinga, men på grunn av sjukdom på det planlagde tidspunktet måtte pilotintervjuet gjennomførast via telefon. Eg fekk likevel nytta meg av lydopptak og på grunn av at eg kjenner informanten i pilotintervjuet frå før følte eg at vi ikkje hadde behov for same nærleik som eg ønskte med informantane i hovudundersøkinga. I etterkant av pilotintervjuet endra eg litt på nokre av spørsmåla i intervjuguiden, samt at eg la til nokre nye, konkretiserte spørsmål. Eg erfarte også i pilotstudiet at det var avgjerande for utfallet av informasjon at eg som intervjuar var førebudd på å stille oppfølgingsspørsmål undervegs i intervjuet. På bakgrunn av det valde eg å lage ein intervjuguide til informantane, samt at eg laga ein til meg sjølv med utfyllande kommentarar og tips til oppfølgingsspørsmål som eg kunne stille undervegs. Denne fekk eg god nytte av i intervjuet.

## **2.4 Analyse og bearbeiding av data.**

I etterkant av kvart intervjuet transkriberte eg det ved at eg hørde på lydopptaket og noterte ned, ordrett, alt som var sagt både av informanten og meg. Når intervjuet var transkribert gjorde eg ei kategorisering der eg valde ut tre hovudelement som går igjen i oppgåva: spesialpedagogikk, kartlegging og foreldresamarbeid. Denne kategoriseringa gjor eg på bakgrunn av at det var dei mest framtrekande funna samstundes som det var det intervjuguiden i hovudsak bygde på. Når eg bearbeidde data var det særleg eitt funn eg merka meg, ei tolking eg gjor litt vidare enn kva informantane ordrett sa. Til tross for at dei eg intervjuet arbeidde i ein barnehage med høvesvis høg

andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn var det ingen av informantane som nemnde noko om kartlegging av desse barna i høve TRAS, eit kartleggingsverktøy berekna på barn med norsk som morsmål. Etter erfaring og samtale med praksislærer, i same barnehage som informantane arbeidde, valde eg å tolke dette som at TRAS-kartlegginga er lik på alle barn, uavhengig av språkleg bakgrunn. Dette ønskte eg å dvele vidare ved og eg kontakta difor Hilde Hofslundsengen, høgskulelektor med hovudkompetanse på barn og språkvanskar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, for tips og informasjon om verktøy for språkkartlegging av minoritetsspråklege barn. På grunnlag av at eg har tolka dette vidare enn kva informantane eigentleg seier er dette eit forskningsetisk dilemma. Dalland (2012) seier at forskningsetikk ikkje er ulik annan etikk og det i hovudsak handlar om normer for riktig og god livsførsel. I ein forskingsprosess handlar difor forskningsetikk om normer for riktig og god gjennomføring av forskingsprosessen. I løpet av ei undersøking tek vi ei rekke val som kan påverke resultatet. Forskningsetiske dilemma handlar i hovudsak om korleis dei vala vi gjer påverkar informantane (ibid.). Dette funnet kjem eg tilbake til i teoridelen, 3.2 – Kartlegging og i drøftinga, 5.2 – Kartlegging.

På grunnlag av dette funnet har eg også delvis endra teorivalet mitt. Eg valde å fokusere vidare på språkkartlegging, og sidan det i utgangspunktet var generell kartlegging av barn i barnehagen eg ville fokusere på har det ført til at eg har bytt ut ein del av teorien min. Det har igjen ført til at drøftinga til dels har endra fokus i høve det som var utgangspunktet. Eg var også interessert i å sjå om det var likskap eller ulikskap i den empirien styrar presenterte i høve dei pedagogiske leiarane. Her fann eg ikkje noko av tyding og det verka som om alle informantane var veldig samkøyrde. Difor har eg ikkje vektlagt det vidare i oppgåva.

## **2.5 Validitet, reliabilitet og kjeldekritikk.**

Som eg har vore inne på i elementa ovanfor er det mange ting som kan styrke eller svekke validiteten og reliabiliteten i oppgåva. Jacobsen (2013) seier at «God pålitelighet (reliabilitet) og god intern gyldigheit (validitet) er forutsetningar for ekstern gyldigheit» (s. 245). Val av undersøkingsdesign har store konsekvensar for undersøkinga si gyldigheit, samt undersøkinga si pålitelighet, reliabilitet (Jacobsen, 2013). Som forskarar bør vi alltid stille kritiske spørsmål ved om vi har fått tak i dei rette kjeldene for å styrke validiteten. Det er mange faktorar som spelar inn når vi skal vurdere validiteten i undersøkinga. Til dømes har personane sin nærleik til det vi ynskjer å undersøkje avgjersle for kva informasjon dei kan gje oss (ibid.). Informantane sin kunnskap på det aktuelle feltet spelar også ei rolle. Informantane i denne oppgåva har fleire års erfaring med arbeid innanfor felte som oppgåva handlar om, spesialpedagogikk og kartlegging. På grunnlag av at informantane sjølv har deltatt i det arbeidet dei uttaler seg om, vert dei kalla *førstehandskjelder*. Det er med å styrke validiteten i



oppgåva (ibid.). Sidan eg berre har fire informantar kan eg ikkje generalisere den informasjonen dei kjem med, men eg trur dei kan gi ein peikepinn på dei erfaringar, meiningar og kunnskapar barnehagelærarar i barnehagen har kring kartlegging og spesialpedagogikk i barnehagen. Validiteten i intervjuet vart også styrka av at eg på førehand hadde sett meg inn i teori som var relevant for tema og utforma intervjuguiden ut frå det. På bakgrunn av det sikra eg at informasjonen eg henta inn var nyttig og belyste problemstillinga.

Reliabilitet handlar om korleis designet og sjølve intervjusituasjonen påverkar resultata ein kjem fram til (Jacobsen, 2013). I etterkant av kvart intervju noterte eg ned for meg sjølv korleis eg opplevde informanten undervegs i intervjuet, om informanten til dømes verka spent, nervøs eller komfortabel, korleis tonen mellom meg som intervjuar og informanten var og om eg opplevde det informanten sa som påliteleg. Dette meiner eg har vore med å styrka reliabiliteten i oppgåva på grunn av at eg har vore bevisst på eventuelle skilnader i intervjusituasjonane. På grunn av at eg nytta lydopptak under alle intervjuet og transkriberte dei ordrett er det lite rom for at mine personlege meiningar har kome med i empirien. Når eg nytta meg av lydopptak har eg også fått med meg direkte sitat og formuleringar som kan ha vore tydingsfulle for drøftinga. Eg har vore bevisst på at både intervjuet og arbeidet i etterkant skal vere objektivt og heilt utan eigne synspunkt eller meiningar, til dømes ved å unngå bruk av leiande spørsmål i intervjuguiden. Eg opplevde det til tider som krevjande å ikkje samtale med informantane på bakgrunn av eigne synspunkt, då dei til tider la opp til ein dialog der vi kunne utveksle synspunkt. Når slike situasjonar oppstod forklara eg til informantane at på grunn av at eg henta inn informasjon til ei bacheloroppgåve hadde eg ikkje moglegheit til å komme med eigne synspunkt under intervjuet, men at vi i etterkant av intervjuet kunne ha ein samtale der eg sa noko om eigne synspunkt. For å vere sikker på at dette ikkje skulle prege oppgåva tok eg ingen notat eller lydopptak av noko når eg samtala med informantane om eigne synspunkt.

I informasjonsskrivet gav eg også informantane tilbod om å lese gjennom det transkriberte intervjuet før eg nytta noko av empirien i oppgåva (vedlegg 1). På den måten sikra eg også at eg ikkje la inn personlege tolkingar eller meiningar til noko av det informantane hadde sagt.

## 2.6 Etiske omsyn

Jacobsen (2013) seier noko om at ei undersøking bør tilfredsstille tre grunnleggjande krav. Det første er informert samtykke som tyder at den som deltek i undersøkinga deltek frivilling og at informanten veit om kva det kan medføre av farer og gevinstar. Det andre er krav til privatliv, at det er ei frisione som ikkje skal med i undersøkinga, medan det tredje kravet er krav til riktig presentasjon av data, som tyder at vi så langt som det er mogleg skal gjengi resultat fullstendig og i riktig samanheng (Jacobsen, 2013). Problemstillinga reiser i hovudsak eitt etisk dilemma som byggjer på at infor-

mantane kunne oppleve at dei måtte utdjupe om eigen praksis, noko enkelte kunne opplevd ubehageleg. For at eg skulle få svar på problemstillinga var det likevel naudsynt for meg å stille dei spørsmåla eg gjorde, noko informantane heldigvis var inneforstått med.

Ein annan ting eg også var veldig fokusert på, både når eg utforma intervjuguiden og undervegs i intervjuet var at fokuset skulle ligge på korleis informantane arbeider og deira haldningar til kartlegging, slik at eg på den måten unngjekk informasjon og fokus på barn. Dalland (2012) seier at forskningsetikk i hovudsak handlar om å ivareta personvernet og sikre truverda til det ein finn i forskinga. Når vi skal føreta ei undersøking er det ei rekke etiske dilemma ein må ta omsyn til, til dømes personvern, anonymitet og teieplikt (ibid.). Ved å ta omsyn til etiske dilemma er ein betre rusta til å ivareta dei tre grunnleggjande krava Jacobsen (2013) stiller til ei undersøking. For å kunne ivareta personvernet på best mogleg måte var eg opptatt av å informere informantane i forkant om at all informasjon vart anonymisert i transkriberinga og at lydopptaka vart sletta etter ei veke. I tillegg informerte eg i forkant av intervjuet om teieplikta mi, med tanke på at det kunne føre til at informantane var meir fortrulege til meg som intervjuar. Ein metode eg nytta for å sikre anonymiseringa av informantane var at eg heile vegen har brukt nummer på dei i staden for namn, i tillegg til at all informasjon om til dømes kva barnehage og kommune dei arbeider ikkje er nemnd. Den informasjonen eg nyttar som kan vere med å svekke anonymiseringa er at eg seier noko om at kommunen dei arbeider i har valt å legge inn retningslinjer for språkkartlegging av alle barn. På bakgrunn av anonymiseringa og personvernet var eg usikker på om eg skulle ta det med, men etter å ha undersøkt litt har eg funne ut at ei nasjonal kartlegging viser at 92 prosent av kommunane har tiltak for å kartlegge barna sitt språk i kommunale barnehagar, og at det av desse er 63 prosent som har gjeve føringar for kartlegginga (St. meld. nr. 41, 2008-2009). På grunnlag av det vurderte eg det som trygg informasjon å ha med.

### 3.0 Teori

I denne delen presenterer eg relevant teori som vil belyse tema og problemstilling i oppgåva. Teoridelen er delt inn i tre hovudoverskrifter som tar opp sentrale tema i problemstillinga. Første del handlar om spesialpedagogikk og kva det er sett i lys av barnehageperspektivet. Tangen (2012) beskriv det overordna spesialpedagogiske fokuset slik: «Spesialpedagogikkens overordnede mål er å fremme gode lærings-, utviklings- og livsvilkår for barn, unge og voksne som av ulike grunner møter eller er i betydelig risiko for å møte funksjonshemmende vansker og barrierer i sin utvikling, læring og livsutfoldelse» (Hvidsten, 2014, s. 19). Vidare seier Skogen (2005 i Hvidsten, 2014) at eitt av måla ein spesialpedagog arbeider mot er å redusere avstanden mellom ideala samfunnet skapar av individ og det enkelte individet sine føresetnader (Hvidsten, 2014).

Andre del av presentasjonen av teori tar opp tema knytt til kartlegging. Kjerstin Sjørusen seier i følge Sjørusen (2012) at dersom ein mistenker at eit barn har behov for spesialpedagogisk hjelp er det naturleg å observere og kartlegge barnet sin leikekompetanse, leikeåtfærd, barnet sine leikekameratar, barnet sitt språk, det sosiale samspelet, fantasi og kreativitet (Hvidsten, 2014). Vidare vil eg også seie litt om bruk av kartleggingsverktøyet TRAS knytt opp mot kartlegging av barn med minoritetsspråkleg bakgrunn og kvifor barna i barnehagen blir kartlagt. Den tredje og siste del av teorien handlar om foreldresamarbeid og i kva grad foreldre/føresette skal involverast i det som barnehagen arbeider med, knytt opp mot kartlegging og spesialpedagogikk.

### 3.1 Spesialpedagogisk hjelp

I Norges offentlige utredninger (NOU) 1972: 39 kom det forslag om å innføre lovfesta rett til spesialundervisning også for barn før opplæringspliktig alder. I dag er ikkje omgrepet spesialundervisning brukt i barnehagesektoren, men ein brukar omgrepet *spesialpedagogisk hjelp*, eit omgrep som fekk heimel i §5.7 i opplæringslova av 1975 (Hvidsten, 2014). Retten til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen inntreer ut frå kvart enkelt barn sine behov. Haugen (2006) referert i Nilsen (2014, s. 25) definerer det slik: «Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen vil være den hjelpen som gis til barn med en definert funksjonssvikt».

I barnehagen har dei tilsette, særleg barnehagelærarar, ein unik moglegheit til å observere både enkeltbarn og grupper av barn i leik og kvardagsaktivitetar. Spesialpedagogiske tiltak byggjer mellom anna på slik systematisk observasjon. Kvardagsobservasjonar er verdifulle bidrag når ein planlegg og vurderer tiltak for barna i samarbeid med foreldre og eventuelle andre fagpersonar (Mørland, 2008). Stortingsmelding 41 (2008-2009), kvalitet i barnehagen, seier at gjennom dokumentasjon av aktivitetar, utvikling og læring blir det danna ei felles referanseramme og dermed eit utgangspunkt for refleksjon om barna og barnehagen si utvikling. Vidare seier den at det er barnehagen sitt arbeid som skal vurderast og at det ikkje skal vurderast måloppnåing for enkeltbarn i barnehagen i høve gitte kriterium (St. meld. nr. 41, 2008-2009). Barnehagen nyttar seg av ei rekke metodar og arbeidsmåtar for å dokumentere arbeidet sitt. Undersøkingar viser at dokumentasjon knytt til enkeltbarn er relativt utbredt i barnehagen og det blir stilt spørsmål ved om dette er i tråd med rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver sine føringar. Likevel viser det seg at fleire kommunar pålegg barnehagane å ta i bruk bestemte kartleggingsverktøy, til dømes TRAS (Tidleg registrering av språkutvikling) (St. meld. nr. 41, 2008-2009).

### 3.2 Kartlegging.

Röthle (2011) seier at kartlegging kan definerast gjennom ein vid eller ein trong definisjon (Röthle, 2011). Den tronge definisjonen seier at kartlegging er systematisk observasjon med utgangspunkt i

eit bestemt kartleggingsverktøy, medan den vide definisjonen seier at kartlegging er eit overomgrep om *alt* ein nyttar for å få kunnskap om eit barn si utvikling, til dømes intervju, observasjonar, samtalar, screening, testing og prøving (ibid.). Vogt (2014) seier at hensikta med kartlegging er i kunne føreta ei *individuell vurdering*. Vidare seier han at kartlegging mellom anna handlar om å *forstå* kva barnet sine vanskar består av, om å kunne *predikere*, altså danne seg realistiske forventingar om barnet si vidare utvikling, samt å *påverke* – å setje i gang effektive og hensiktsmessige tiltak for barnet (Vogt, 2014 i Nilsen, 2014).

Frønes (2014) stiller spørsmål ved om ein står i fare for å gløyme heilskapen i observasjonsarbeidet i barnehagen som er prega av ulike kartleggingsmetodar. Ho seier at i enkelte samanhengar er det klart viktig å kartlegge enkeltbarnet sine ulike utfordringar, noko som også vert poengtert i rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (2011): «Dersom det skal settes opp spesifikke mål for enkeltbarn, må dette ha en begrunnelse, og målene må settes i samarbeid med foreldrene og eventuelle samarbeidspartnere utenfor barnehagen» (KD, 2011, s. 55-56). Frønes stiller også spørsmål ved om vi greier å fange opp alle dei ulike nyansane i barna sin væremåte gjennom standardiserte skjema (Frønes, 2014).

Pettersvold og Østrem (2012) seier at kartlegging gjennom standardiserte skjema først og fremst handlar om jakten på det normale barnet (Pettersvold & Østrem, 2012). 12. januar 2007 uttalte Østrem til Aftenposten om bruk av kartlegging at «Man spør ikke om hva barnet kan, vet, tenker eller tror, men om hva de mangler» (Østrem, 2007, referert i Fagereng, 2009, s. 44). Fagereng (2012) seier at vi ikkje treng kartleggingsverktøy for å følgje opp barna si språkutvikling, men at vi treng fleire barnehagelærarar på kvar avdeling slik at vi får betre tid til oppfølging av kvart enkelt barn. «Førskolelæreren skal arbeide etter rammeplanen, og den går imot å vurdere måloppnåelse hos enkeltbarn» (Fagereng, 2012, s. 42).

Fagereng får støtte av Belseth (2012) som seier at evna til å kunne observere barna er viktigare enn å kartlegge barn med ulike standardiserte skjema for å finne ut korleis dei ligg an i utviklinga (Belseth, 2012). Mange barnehagelærarar og andre profesjonelle innan feltet barnehagepedagogikk forsøker å yte motstand mot kartlegging i barnehagen. Kartlegging strir mot rammeplanen og Belseth (2012) stiller spørsmål ved korleis ein skal forhalde seg til det når det nettopp er frå øvste hald pålegga om kartlegging kjem (ibid.). I St. meld. nr. 41 (2008-2009) kjem det fram at KD ynskjer at det blir gitt tilbod om språkkartlegging til alle barn over tre år som går i barnehage. I St. meld. nr. 18 (2010-2011) vil KD sikre at alle barn får tilbod om språkkartlegging i barnehagen (KD, 2010-2011, s. 15). «Før treårsalderen har barn ofte svært ulik utvikling av språket, og det vil derfor være lite hensiktsmessig å kartlegge barnas språk på et tidligere tidspunkt» (St. meld. Nr. 41, 2008-2009 s. 97). Føremålet med

kartlegginga skal vere å sikre at barnehagane oppdagar alle barna som har behov for særskilt språkstimulering. Her er kartlegginga i seg sjølv altså ikkje eit mål, men eit utgangspunkt for å kunne gje god og tidleg hjelp til dei barna som treng det.

Som konsekvens av eit auka fokus og vekting på kartlegging, må ein velja vekk noko anna ein gjer saman med borna. Kartlegging i barnehagen vil krevja ein meir strukturert kvardag der dei vaksne legg til rette aktivitetar som underbyggjer kravet om å få gjennomført kartlegginga av kvart einskild barn. I yttarste konsekvens vil kartlegging av språk medføra eit fokus på barna sine manglar og eventuelle seinutvikling. Det å kartlegge alle for å leita etter framtidige feil og manglar hjå nokre barn, stel ressursane frå dei som verkeleg har behov for ekstra oppfølging. Kartlegging av alle born i barnehagen er ei etisk utfordring og kartlegging må aldri bli eit mål i seg sjølv (Dale, 2014).

Folkehelseinstituttet har sett på om barnehagar kartlegger eller observerer barns utvikling rutinemessig eller ved behov. Undersøkinga viser at 40 prosent av barnehagane i utvalet kartlegg eller observerer barna ut frå behov, medan om lag 55 prosent kartlegg eller observerer alle barna regelmessig (Lekhal et al. 2013, referert i Hvidsten, 2014). 2. mars 2010 vedtok Stortinget at «språkkartlegging av alle barn som går i barnehage» var et tiltak som skulle iverksetjast (Pettersvold & Østrem, 2012). «Hensikten med kartlegging (...) er ofte uklar. En fellesnevner er imidlertid at det vises til et overordnet formål: Man vil gi alle barn et bedre liv!» (ibid, s. 16-17). Vidare seier dei at å oppdage avvik og setje inn målretta tiltak for å få flest mogleg av barna til å passe inn i standaren, blir viktigare enn det som eigentleg er barnehagen sitt formål: å fremje demokrati og fellesskap, møte barna med respekt og anerkjenne barndommens eigenverdi (ibid.).

Utdanningsdirektoratet (UDIR) definerer minoritetsspråklege barn som barn med eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk og seier at i 2013 var det totalt 37 894 minoritetsspråklege barn i norske barnehagar (UDIR, 2013). Sørums kommunen har laga ein rettleiar for arbeid med minoritetsspråklege barn (u.å). Den seier at kartlegging er ein føresetnad for å kunne gje tilpassa opplæring, i samsvar med barnet sine språklege og kognitive føresetnader. Kartlegginga må framheve barnet sine kunnskapar, ikkje berre det som er mangelfullt. Om bruk av kartleggingsverktøy seier rettleiaren følgjande:

Når kartleggingsverktøy som er utviklet for barn med norsk som morsmål, brukes på barn med norsk som 2. språk, må man være seg bevisst hva som egentlig kartlegges: en marginal språkkompetanse hos barnet (nemlig norsk), og ikke barnets totale språkkompetanse (s. 15).

Vidare seier rettleiaren (u.å.) at for å få eit heilskapleg bilete av barnet sin språkkompetanse er kartlegging av morsmålet (minoritetsspråket) også nødvendig. Om bruk av kartleggingsverktøyet TRAS i høve minoritetsspråklege barn seier rettleiaren at det kan vere eit viktig verktøy for å setje i

gang tiltak i henhold til vidare språkutvikling/språkstimulering, men at resultatet av TRAS-registreringa ikkje er ein indikasjon på barnet sin totale språkkompetanse (Sørum kommune, u.å.).

Rammeplanen (2011) seier at eit godt utvikla morsmål er ein grunnleggande føresetnad for den språklege utviklinga. Barnehagen må sørge for at barna får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for tankar og kjensler (KD, 2011). «Nokre barn har sein språkutvikling eller andre språkproblem. Desse må få tidleg og god hjelp» (KD, 2011, s. 35). Vidare seier rammeplanen at mange barn har eit anna morsmål enn norsk og lærer norsk som andrespråk i barnehagen. Det er viktig at desse barna blir forstått og får høve til å uttrykkje seg på lik linje med andre barn (KD, 2011).

Kunnskapsdepartementet sette i 2010 ned eit ekspertutval som skulle vurdere verktøy som blei brukt til å kartlegge språk hjå majoritets- og minoritetsspråklege barn, samt for barn med nedsett funksjonsevne (KD, 2011b). Utvalet vurderte åtte ulike kartleggingsverktøy og kom fram til at for minoritetsspråklege barn var *Lær meg norsk før skolestart* best eigna til kartlegging, samt at SATS kan vere eigna som eit supplement til observasjon av to- og treåringar med minoritetsspråkleg bakgrunn (KD, 2011b). Gjennom kartleggingsverktøya skal barnehagelærarane få eksperthjelp til å rette merksemda mot heilt bestemte sider ved barna si utvikling. Den informasjonen dei vaksne får om eit barn gjennom kartleggingsverktøy, kan farge deira syn på barnet på ein stigmatiserande måte. Kartlegging handlar nemlig ikkje om å sjå barnet sine ressursar, men om å identifisere feil og manglar og sortere dei som meistrar frå dei som ikkje meistrar. Risikoen for at ein skapar ein urimeleg trong mal for kva eit normalt barn er, må takast i betraktning når ein skal vurdere om ein har gode nok grunnar til å kartlegge (Pettersvold & Østrem, 2012).

Kunnskapen ein får om kvart enkelt barn gjennom kartlegging handlar mest om i kva grad barnet er normalt og gjennomsnittleg, eller eventuelt avviker frå denne standaren (ibid.). Solum (1993) seier at normalitet og avvik ikkje er absolutte omgrep som definerer klare og avgrensa kategoriar av mennesker og den menneskelege åtferda, men at det er relative omgrep som uttrykk for stadige vekselverknader mellom indre, individuelle forhold og ytre, samfunnsmessige forhold (Solum, 1993).

### **3.3 Foreldresamarbeid.**

Barnehagelova (2005) tydeleggjer viktigheita av foreldresamarbeid allereie i §1, formålsparagrafen, der det blir sagt at barnehagen i samarbeid og forståing med heimen skal ivareta barna sine behov for omsorg og leik, samt å fremje danning og læring som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehagelova, 2005, §1). I 2010 gav Utdanningsforbundet ut eit debathefte om kartlegging i barnehagen der dei ville skape debatt rundt bruken av kartlegging i barnehagen. «Målet er å styrke refleksjonen og argumentasjonen nå etter at vedtaket om at språkkartlegging skal tilbys alle»

(Utdanningsforbundet, 2010, s. 3). I innstilling 162 S (2009-2010) frå familie- og kulturkomiteen om kvalitet i barnehagen heiter det mellom anna at «Komiteens flertall, (regjeringspartiene), (...) presiserer at dette ikke innebærer at språkkartlegging blir obligatorisk for barna, men at det skal være opp til foreldrene å ta stilling til om man ønsker å ta i mot tilbudet» (Utdanningsforbundet, 2010, s. 3).

Barnehagens personale skal vurdere barnas utvikling og trivsel fortløpende. Dei fleste barn lærer å snakke i løpet av sine første leveår, men utviklinga skjer i ulikt tempo. Barnehagen er i en unik posisjon til å oppdage om barn har forsinket eller mangelfull språkutvikling, og barnehagen kan, gjerne i samarbeid med andre, tilrettelegge for tidlig innsats og forebygging. Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver (2011) påpeikar at barn med sein språkutvikling eller ulike språkproblem må få hjelp og støtte tidlegast mogleg (KD, 2011).

Nina Carson (2014) seier at når vi skal samtale med foreldre, er det viktig å vere bevisst kva type samtale det skal vere. På bakgrunn av Drugli og Onsøyen (2010) skil ho mellom tre samtaleformer som er nyttige med foreldre: informasjonssamtale, som handlar om til dømes barnehagen sine rutiner og samarbeid med andre instansar, krisesamtale når det oppstår kriser i barnet sin familie og rettleiingssamtale som mellom anna inneheld foreldrerådgeving (Carson, 2014 i Hvidsten, 2014). Dei viktigaste samarbeidspartnarane for tilsette i det profesjonelle hjelpeapparatet er barnet sjølv, foreldre og resten av familien. Uansett om den spesialpedagogiske hjelpa blir gjeven i barnehagen, skulen eller liknande, skal den omfatta foreldrerådgeving (Mørland, 2008). Gunnestad (2008) seier at «å fokusere på ressurser kan virke frigjørende og positivt både på barn, pedagoger og foreldre, og på forholdet mellom dem» (Gunnestad, 2008, s. 313).

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) gav i 2011 ut eit ressurshefte for foreldre og personale i barnehagar om samarbeidet mellom heim og barnehage. Der skriv dei at foreldre har ulike behov for innsikt og tilbakemeldingar knytt til kartlegginga som blir gjort i barnehagen. «Noen foreldre ønsker mye informasjon og detaljert kunnskap, mens andre opplever dette som stressende» (FUB, 2011, s. 41). Vidare seier dei at for nokon foreldre vil kartleggingsresultata føre til at dei blir bekymra for om barnet deira utviklar seg godt i høve standaren for normalitet og avvik, og dei blir opptatt av å samanlikne eigne barn med andre. Det som likevel er felles for alle foreldre er at dei ynskjer å høyre om barnet sitt, korleis det trivast og har det i barnehagen, gjerne utan at det blir vurdert med utgangspunkt i standardiserte kartleggingsverktøy (FUB, 2011). Barnehagen og barnehagelærarane har altså eit ansvar for å spørje foreldra og finne ut kva den enkelte heimen ynskjer av tilbakemeldingar, både når det gjeld kartleggingsarbeid og barnehagen sitt arbeid elles (FUB, 2011).

## 4.0 Empiri

Ut frå dei empiriske funna eg har gjort gjennom intervju vil eg her presentere dei funna som er mest relevant for oppgåva og problemstillinga. Eg har valt å dele funna inn i ulike kategoriar og har valt å nytte meg av dei same kategoriane som i teori-, og drøftings-delen for å skape samanheng og struktur i oppgåva. Empirien er basert på funn frå intervju med fire informantar, tre pedagogiske leiarar og ein styrar som tidlegare har arbeidd som pedagogisk leiar. Informantane arbeider som nemnt tidlegare i same barnehage, noko som også er eit strategisk utval på grunnlag av det praktiske med tidssparing (Dalland, 2012). I starten av anonymiseringsprosessen valde eg å berre nummerere informantane, men for å kunne skrive ein meir ryddig empiri har eg no valt å setje fiktive namn på informantane. Det første intervjuet var med Nils som har arbeidd som pedagogisk leiar i fem år (vedlegg 3). Åse har arbeidd som pedagogisk leiar i 12 år (vedlegg 3), Kari har arbeidd som pedagogisk leiar i 12 år og som styrar dei siste sju åra (vedlegg 5) og Liv har arbeidd som pedagogisk leiar i 23 år (vedlegg 6). Eg har valt å legge ved dei transkriberte intervju som vedlegg og for å spare plass i oppgåva vel eg å ikkje referere til vedlegga anna enn ved direkte sitat.

For å få innblikk i informantane si erfaring med tema kartlegging og spesialpedagogikk stilte eg spørsmål om arbeidserfaring innanfor barnehagefeltet, både i forkant og etterkant av utdanning, kva erfaring informantane hadde med kartlegging av barn og erfaring innan feltet spesialpedagogikk, altså meir overordna for tema og arbeid med det som kjem fram i etterkant (undervegs) av kartlegginga. Nils og Åse seier dei har tileigna seg kunnskap om kartlegging og spesialpedagogikk både gjennom studie og arbeidserfaring, medan Kari og Liv seier dei berre har tileigna seg kunnskap gjennom erfaring, samarbeid med andre pedagogar og eksterne instansar, som til dømes BUP og PPT. Eg ser her ein samanheng mellom når informantane var ferdig utdanna og om dei nemner kunnskap gjennom utdanning eller ikkje. Det er eit relativt stort skilje på når Nils og Åse var ferdig utdanna, høvesvis i 2009 og 2002, medan Kari og Liv var ferdig utdanna i høvesvis 1995 og 1991. Om dette er tilfeldig eller om det kom ei endring i utdanninga kan ikkje eg seie noko om, men eg vel likevel å ta det med fordi eg synast det er eit interessant funn som går att fleire stader i empirien.

### 4.1 Spesialpedagogikk

På spørsmål om erfaring innanfor feltet spesialpedagogikk ser eg også ein samanheng i høve når informantane var ferdig utdanna, altså avhenger det i dette tilfellet kor lenge kvar enkelt har arbeidd som pedagogisk leiar. Det er tydeleg, logisk nok, at Liv som har arbeidd som pedagogisk leiar i 23 år har meir og vidare erfaring med spesialpedagogikk enn Nils og Åse som har arbeidd som pedagogisk leiar i høvesvis fem og 12 år. Åse seier også at ho stort sett har arbeidd på småbarnsavdeling og at det der er hovudsakleg språktrening som inngår i tema spesialpedagogikk.



På spørsmålet «Kva legg du i ordet spesialpedagogikk» svarar Nils: «Det er eit avvik av den såkalla normalen slik at det eit litt spesialtiltak som ein då må arbeide ekstra med» (vedlegg 3), medan Åse seier at spesialpedagogikk er eit fagområde for dei som treng noko ekstra og «dett utanfor» den vanlege pedagogikken. Det eg ser er at alle fire informantane svarar tilnærma likt på kva dei legg i omgrepet spesialpedagogikk, altså eit fagfelt innanfor pedagogikken som famnar om dei som har vanskar av ulike slag – noko ekstra utover det ordinære pedagogiske innhaldet i barnehagen.

## 4.2 Kartlegging

Når det gjeld erfaring innanfor feltet kartlegging ser eg litt av dei same tendensane som for spesialpedagogikken; meir og vidare erfaring dess lenger arbeidserfaring. Det som tydeleg er ein fellesnemnar hjå alle fire informantane er at dei har erfaring med TRAS, eit observasjonsverktøy for språk i barnehagen. Som ein tilleggsinformasjon til det meiner eg det er vesentleg å nemne at barnehagen dei fire informantane arbeider i av kommunen er pålagt at alle barn mellom to og fem år skal TRAS-registrerast. Når det gjeld kva informantane legg i ordet kartlegging er svara relativt like. Nils seier at det viktigaste er at ein er til stades og ser ungane, samstundes som ein gjer det på ein systematisk måte der ein har fokus på tilknytning og korleis ungane er i samspel med kvarandre. Åse seier at kartlegging er noko ein nyttar for å få meir kunnskap om barna og at det handlar om alt frå observasjon, intervju, samtalar og andre hjelpemiddel for å finne ut meir om barnet si utvikling, medan Liv seier at kartlegging er «ei utredning i kva barnet meistrar og eventuelt ikkje meistrar» (vedlegg 6).

Eitt av dei mest interessant funna er at alle fire informantane er skeptiske til «massekartlegging» og lik kartlegging av alle barna i barnehagen. «Alle barna må sjåast individuelt» seier Nils (vedlegg 3). Åse seier det slik;

«Eg meiner at det er unødvendig å kartlegge alle. Ikkje bortkasting av tid, men det er så mykje anna eg heller ville brukt den tida på enn å kartlegge barn som du ser fungerer normalt og har eit normalt språk (...). Så eg føler at vi ikkje skal kartlegge alle med dei same verktøya» (vedlegg 4).

Det eg synast er interessant med dette funnet er kvifor enkelte kommunar likevel vel å vedta at alle barn i barnehagen skal kartleggast, til dømes gjennom TRAS frå dei er to år. Som informanten er inne på handlar dette i stor grad om disponering av tid i barnehagen. Det er også eit tema som det er stor einsemd i hjå informantane; systematisk kartlegging (i dette tilfellet TRAS-registrering) av alle barn tar så lang tid for barnehagelæraren at det går på kostnad av andre pedagogiske opplegg i barnehagen.

I intervjuet stilte eg også spørsmål rundt tema stemping av barn og kva eventuelle negative resultat, avvik, ved kartlegging kan føre til. Samtlege informantar er samde om at barnehagen og dei som arbeider der er så profesjonelle at stemping jamt over ikkje vil førekomme, men at ein som barnehagelærer har eit stort ansvar når det gjeld personalet sine haldningar og korleis ein til dømes omtalar barn. Vidare seier dei at dersom ein har fokuset på feil plass og kartlegg berre for å kartlegge, kan det skje at ein finn feil som faktisk ikkje er reelle. Samtlege presiserer også at all kartlegging som føregår i barnehagen bør skje etter mistanke om avvik og at ein dermed arbeider for å hjelpe barnet med dei vanskar det har, slik at det vil bli eit meir kompetent individ, ikkje for å finne feil og stemple nokon.

På spørsmål om kven som har ansvar for og skal gjennomføre kartlegging i barnehagen kjem det fram at informantane er høvesvis samstemde. Alle svarer at det er barnehagelærer som har det overordna ansvaret for all kartlegging som skjer i barnehagen, men det ser ut til å vere litt delte meiningar om kor mykje fagarbeidarar og assistentar skal involverast. Nils seier at dersom ein er tre vaksne og 18 barn på ei avdeling, kan ein då ta ansvar for seks barn kvar der ein skal observere og sjå etter kven barnet leikar med, kven barnet vil vere saman med, om det får vere saman med den eller dei, om det er spesielle situasjonar som gjer at eit eventuelt samspel blir brutt, korleis barnet fungerer i rutine-situasjonar og liknande. Vidare seier han at på den måten får ein ei effektivisering av observeringa, men at det likevel er viktig og naudsynt at ein sjølv (barnehagelærer) har eit overblikk på gruppa. Kari seier at det er pedagogen som i hovudsak skal utføre all observasjon og kartlegging, men at ein er avhengig av assistentar som melder frå til pedagoge om eventuelle observasjonar dei gjer.

### 4.3 Foreldresamarbeid

I intervjuguiden valde eg ut to spørsmål i høve foreldresamarbeid knytt til kartlegging og spesialpedagogikk. Det eine spørsmålet handlar om korleis, kor mykje og når ein meiner foreldra skal inkludrast og det andre handla om pedagogane synast resultat av kartlegging er tema som er vanskeleg å ta opp med foreldra. Også her viser det seg at informantane er svært einige i svara dei presenterer. På det jamne ser eg at det alle skisserer er at dei ikkje synast det er vanskeleg å ta opp saker med foreldra, av den grunn at ein gjer det for barnets beste og at ein har faglege begrunningar for dei bekymringane ein har. I tillegg seier alle informantane noko om at dei synast det var verre å ta opp «vanskelege» saker med foreldra som nyutdanna, enn kva dei synast no.

Det som ikkje er likt innanfor temaet er når tid i prosessen ein skal ta opp ei bekymring med foreldra. To av informantane, Nils og Åse, seier noko om at dei ikkje tar opp bekymringar med foreldra før ein internt i barnehagen har arbeidd med å kartlegge, analysere funn og diskutere med styrar, medan dei to andre informantane, Kari og Liv, seier at foreldra skal involverast allereie før ein startar kartlegging

og at foreldra bør få innsikt i kva kartlegging som skal skje. Her ser vi altså to ulike måtar å arbeide på, til tross for at alle informantane seier at dei ynskjer eit tett samarbeid med foreldra der ein i samhandling kan komme fram til den løysinga som er best mogleg for det enkelte barnet.

## 5.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva diskuterer eg problemstillinga; Kvi for kartlegg vi barn i barnehagen og kva fører auka fokus på kartlegging til? Eg vil her dra fram det eg har presentert tidlegare i oppgåva av teori og empiri og har delt inn drøftinga med same tema som i teori- og empiridelen; spesialpedagogisk hjelp, kartlegging og foreldresamarbeid. I likskap med i teori- og empiridelen er det også her lagt mest vekt på kapittelet om kartlegging. Alt eg drøfter i denne delen er henta frå kapittel 3 og 4: teori og empiri.

### 5.1 Spesialpedagogisk hjelp

I intervjuet kom det fram at informantane definerer omgrepet *spesialpedagogikk* høvesvis likt. Dei viser til at det er eit fagfelt innanfor pedagogikken som famnar om dei barna som har vanskar av ulike slag, altså noko ekstra utover det ordinære innhaldet i barnehagen. Dette blir støtta av Nilsen (2014) som seier at retten til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen trer inn ut frå kvart enkelt barn sine behov. I følgje Haugen (2006) referert i Nilsen (2014, s. 25) er «Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen den hjelpen som gis til barn med en definert funksjonssvikt».

Spesialpedagogisk hjelp byggjer mellom anna på systematisk observasjon. Kvardagsobservasjonar er verdifulle bidrag når ein skal planlegge og vurdere tiltak både for enkeltbarn og for grupper av barn, anten internt i barnehagen eller i samarbeid med foreldre og eventuelle andre fagpersonar (Mørland, 2008). Vidare seier Mørland (2008) at i barnehagen har dei tilsette, særleg barnehagelærarar, ein unik moglegheit til å observere både enkeltbarn og grupper av barn i leik og i kvardagsaktivitetar. Empirien støttar dette ved at fleire av informantane, til dømes Nils og Kari seier noko om at ein må drive systematisk observasjon gjennom heile barnehageåret (vedlegg 3 og 5). Vidare støttar empirien teorien til Mørland (2008) ved at informantane seier at heile personalet, men særleg pedagogisk leiar, har ansvaret for å sjå kvart enkelt barn i barnehagen. Nils eksemplifiserer dette ved å sei at dersom ein er tre vaksne og 18 barn på ei avdeling kan dei vaksne då ta ansvar for seks barn kvar der dei skal observere og sjå etter ulike ting som til dømes kven barnet leikar med, kven barnet vil vere saman med, om det får vere saman med den eller dei, om det er spesielle situasjonar som gjer at eit eventuelt samspel vert brote og korleis barnet fungerer i rutinesituasjonar og liknande (vedlegg 3). Stortingsmelding 41 (2008-2009), kvalitet i barnehagen, seier at gjennom dokumentasjon av aktivitetar, utvikling og læring blir det danna ei felles referanseramme og dermed eit utgangspunkt

for refleksjon om barna og barnehagen si utvikling. Vidare seier den at det er barnehagen sitt arbeid som skal vurderast og at det ikkje skal vurderast måloppnåing for enkeltbarn i barnehagen i høve gitte kriterium (St. meld. nr. 41, 2008-2009).

## 5.2 Kartlegging

Frønes (2014) stiller spørsmål ved om ein står i fare for å gløyme heilskapen i observasjonsarbeidet i barnehagen som er prega av ulike kartleggingsmetodar. Vidare seier ho at i enkelte samanhengar er det klart viktig å kartlegge enkeltbarnet og barnegruppa sine ulike utfordringar, noko rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver også poengterer: «Dersom det skal settes opp spesifikke mål for enkeltbarn, må dette ha en begrunnelse, og målene må settes i samarbeid med foreldre og eventuelle samarbeidspartnere utenfor barnehagen (KD, 2011, s. 55-56). Ein klar tendens hjå informantane er at TRAS-registrering er den typen kartlegging, utanom observasjon, som dei er mest kjende med og har erfaring med. Pettersvold og Østrem (2012) seier at kartlegging gjennom standardiserte skjema først og fremst handlar om jakten på det normale barnet (Pettersvold & Østrem, 2012) I 2007 uttalte Østrem om bruk av kartlegging at «Man spør ikke om hva barnet kan, vet, tenker eller tror, men om hva de mangler» (Fagereng, 2009, s. 44). «Alle barna må sjåast individuelt», seier ein av informantane Nils (vedlegg 3). Ein annan informant, Åse, seier det slik:

Eg meiner at det er unødvendig å kartlegge alle barna. Ikkje direkte bortkasting av tid, men det er så mykje anna eg heller ville brukt tida på enn å kartlegge barna som du ser fungerer normalt og har eit normalt språk (...) Difor meiner eg at vi ikkje skal kartlegge alle med dei same verktøya (vedlegg 4).

Alle dei fire informantane seier at dei er skeptiske til lik kartlegging av alle barn og kartlegging gjennom standardiserte verktøy. Det får dei støtte av hjå fleire fagpersonar, mellom anna Frønes (2014), som stiller spørsmål ved om ein greier å fange opp alle nyansar av barn sin veremåte og utvikling gjennom standardiserte skjema. Likevel vel enkelte kommunar å pålegge barnehagane og kartlegge alle barn gjennom dei same, standardiserte skjema. I ein barnehage eg har hatt praksis i, barnehagen informantane arbeidde i, var det vedteke at alle barn mellom to og fem år skal TRAS-registrerast. Det eg opplevde der var at TRAS-registreringa vart gjennomført også på dei minoritetsspråklege barna, noko som strir i mot at eg gjennom utdanninga har vorte kjend med at TRAS ikkje er eigna for språkkartlegging av minoritetsspråklege barn. Sørums kommun har utvikla ein rettleiar for arbeid med barn med minoritetsspråkleg bakgrunn (u.å) som seier at TRAS er eit kartleggingsverktøy som i utgangspunktet er utvikla for barn med norsk som morsmål og at ein difor må vere seg bevisst kva som eigentleg vert kartlagt når ein nyttar TRAS på minoritetsspråklege barn. Den seier at det berre er ein marginal del av språkkompetansen som vert kartlagt, nemlig norsk, og ikkje barnet sin totale språkkompetanse (Sørums kommun, u.å). For å kartlegge barnet sin

minoritetsspråklege kompetanse må ein altså nytte andre verktøy. Kunnskapsdepartementet sitt ekspertutval vurderte i 2010 ulike kartleggings-verktøy og kom fram til at *Lær meg norsk før skolestart* er det verktøyet som er best eigna for kartlegging av minoritetsspråklege barn, gjerne i kombinasjon med SATS for dei yngste barna (KD, 2010). Dette står i samsvar til det eg har vorte kjend med gjennom utdanninga, men i strid med det eg har opplevd i praksis, altså at minoritetsspråklege barn vert kartlagt på like premisser med majoritetsspråklege barn. Rammeplanen (2011) støttar ekspertutvalet og seier at eit godt utvikla morsmål er grunnleggjande for den språklege utviklinga. Vidare seier rammeplanen at det er viktig at barn med minoritetsspråkleg bakgrunn får moglegheit til å uttrykkje seg og bli forstått på lik linje med majoritetsspråklege barn i barnehagen (KD, 2011).

I motsetnad til det informantane uttrykker om skepsis til auka fokus på kartlegging og lik kartlegging av alle barn seier St. meld. nr. 18 (2010-2011), læring og fellesskap, at ein vil «sikre at alle barn får tilbud om språkkartlegging i barnehagen» (KD, 2011, s. 15). I forkant av det sa St. meld. nr. 41 (2008-2009) at KD vil gje tilbod om språkkartlegging til alle barn over tre år som går i barnehage. «Før treårsalderen har barn ofte svært ulik utvikling av språket, og det vil derfor være lite hensiktsmessig å kartlegge barnas språk på et tidligere tidspunkt» (St. meld. nr. 41, 2008-2009, s. 97). Dette står i strid med TRAS-kartlegginga som startar allereie når barnet fyller 2 år. Det er også i strid med det informantane seier om at auka fokus på kartlegging og lik kartlegging av alle barn vil gå utover andre pedagogiske opplegg og råke både dei barna som faktisk treng kartlegginga og den spesialpedagogiske hjelpa, men også dei «friske» barna som ikkje har behov for kartlegging, men som har behov for dei daglege pedagogiske opplegga. St.meld. nr. 41 (2008-2009) presiserer likevel at føremålet med kartlegginga skal vere å sikre at barnehagen oppdagar alle barna som har behov for særskilt språkstimulering (St. meld. nr. 41, 2008-2009). Her er kartlegginga i seg sjølv altså ikkje eit mål, men eit utgangspunkt for å kunne gje god og tidleg hjelp til dei barna som treng det. Informantane seier noko om at behovet i barnehagen ikkje nødvendigvis ligg på auka mengd av kartlegging, men på fleire ressursar slik at dei barna som faktisk har behov for det får den vaksentettleiken dei treng for best mogleg utvikling. Dei får støtte av Fagereng (2012) som seier:

Vi trenger ikke kartleggingsverktøy for å følge opp barns språkutvikling. Det vi trenger er flere pedagoger på hver avdeling, slik at vi får tid til å følge opp hvert enkelt barn. Førskolelæreren skal arbeide etter rammeplanen, og den går imot å vurdere måloppnåelse hos enkeltbarn. (Fagereng, 2014, s. 42).

Fagereng (2014) får støtte av Belseth som seier at evna til å kunne observere barna er viktigare enn å kartlegge barn med ulike standardiserte skjema for å finne ut korleis dei ligg an å utviklinga (Belseth, 2012). Vidare seier både Belseth og informantane at som konsekvens av eit auka fokus og vekting på kartlegging i barnehagen, må ein velja vekk noko anna ein gjer saman med barna. På ei anna side

igjen vil kartlegging i barnehagen krevje ein meir strukturert kvardag der ei vaksne legg til rette for aktivitetar som underbyggjer kravet om å få gjennomført kartlegginga av kvart einskild barn.

Som ein ytterste konsekvens kan auka fokus på kartlegging i barnehagen og bruk av standardiserte kartleggingsverktøy føre til fokus på barna sine manglar og eventuelle seinutvikling. Dale (2014) seier, i likskap med informantane, at det å kartlegge alle barna for å leite etter framtidige feil og manglar hjå alle barna, stel ressursane frå dei som verkeleg har behov for ekstra oppfølging. I tillegg er kartlegging av alle barn ei etisk utfordring og kartlegging må aldri bli eit mål i seg sjølv (ibid.). I tråd med det informantane seier om at dei frå kommunalt hald blir pålagt å språkkartlegge alle barn gjennom TRAS har Folkehelseinstituttet sett på om barnehagar kartlegg eller observerer barna si utvikling rutinemessig eller ved behov. Lekhal (2013) referert i Hvidsten (2014) syner til undersøkinga som viser at 40 prosent av barnehagane i utvalet kartlegg eller observerer barna ut frå behov, medan om lag 55 prosent kartlegg eller observerer alle barna regelmessig (ibid.)

Alle dei fire informantane eg har intervjuet presiserer at all kartlegging som føregår i barnehagen bør skje etter mistanke om avvik og at ein dermed arbeider for å hjelpe barnet med dei vanskar det har slik at det vil bli eit meir kompetent individ og for å unngå at barnet opplev å bli stempla. Dei seier at i all kartlegging er det viktig å hugse på at målet er å kunne hjelpe barna, ikkje å finne feil.

Informantane seier også at dersom ein har fokuset på feil plass og kartlegg berre for å kartlegge, kan det skje at ein finn feil som faktisk ikkje er reelle. I mars 2010 blei det likevel vedtatt på Stortinget at «språkkartlegging av alle barn som går i barnehage» var et tiltak som skulle setjast i verk (Pettersvold & Østrem, 2012). Vidare seier dei at «hensikten med kartlegging (...) er ofte uklar. En fellesnevner er imidlertid at det vises til et overordnet formål: Man vil gi alle barn et bedre liv!» (ibid., s. 16-17).

Pettersvold og Østrem (2012) seier også noko om at dersom vi driv systematisk kartlegging av alle gjennom standardiserte kartleggingsverktøy kan det føre til at det å oppdage avvik og setje inn målretta tiltak for å få flest mogleg av barna til å passe inn i standaren, blir viktigare enn det som eigentleg er barnehagen sitt formål, altså å fremje demokrati og fellesskap, møte barna med respekt og anerkjenne barndommen sin eigenverdi (Pettersvold & Østrem, 2012).

### **5.3 Foreldresamarbeid**

FUB skriv i sitt ressurshefte for foreldre og personale (2011) at foreldre har ulike behov for innsikt og tilbakemeldingar knytt opp mot den kartlegginga som blir gjort i barnehagen (FUB, 2011). I intervjuet kom det fram at informantane ynskjer eit tett samarbeid med foreldra der ein saman kan komme fram til det som vil vere det beste for kvart enkelt barn, deira familie og barnegruppa som heilskap. Informantane er usamde om når dei ynskjer å involvere foreldra i kartleggingsarbeidet. To av informantane, Nils og Åse, seier at dei vil involvere foreldra allereie før dei startar kartlegginga,

medan dei to andre, Kari og Liv, seier at dei ikkje vil involvere foreldra før etter at ein har arbeid internt i barnehagen. Her er det vanskeleg å kunne trekke noko konklusjon for kva informantane eigentleg meiner med involvering av foreldra. Til dømes krev TRAS-kartlegginga godkjenning frå foreldre før ein startar kartlegginga, noko som kan tyde på at informantane legg ulike tydingar i det å involvere foreldre i kartleggingsprosessen. I debattheftet Utdanningsforbundet gav ut i 2010 presiserer dei at språkkartlegging ikkje skal vere obligatorisk for alle barn, men at det skal vere eit tilbod som er opp til foreldra å bestemme om ein ynskjer å ta i mot (Utdanningsforbundet, 2010).

Jamt over seier alle informantane at dei ikkje synast det er vanskeleg å ta opp bekymringar med foreldra. Grunnen til det, seier dei, er at alt ein gjer i barnehagen er for barnets beste, samstundes som ein har faglege begrunningar for dei bekymringane ein legg fram for foreldra. I tillegg seier alle informantane at dei synast det var vanskelegare å ta opp bekymringar angående barna si utvikling når dei var nyutdanna enn kva dei synast no, høvesvis 23, 19, 12 og 5 år etter at dei var ferdig utdanna. Nina Carson (2014) seier at når vi skal samtale med foreldre er det viktig å vere bevisst kva type samtale det skal vere. På bakgrunn av Drugli og Onsøyen (2010) sine ulike former for samtale skil ho mellom tre samtaleformer som er nyttige med foreldre. Det er *informasjonssamtalen* som til dømes kan handle om barnehagen sine rutiner og samarbeid med andre instansar, *krisesamtale* når det oppstår kriser i til dømes barnet sin familie og *retteiingssamtalen* som inneheld foreldre-rådgjeving (Carson, 2014).

## 6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg teke for meg problemstillinga: Kvifor kartlegg vi barn i barnehagen og kva vil eit auka fokus på kartlegging føre til? I undersøkinga valde eg kvalitativ metode og intervjuar tre pedagogiske leiarar og ein barnehagestyrar for å finne svar på problemstillinga. Gjennom teoretiske og empiriske funn har eg kome fram til at det er delte meiningar om kartlegging av barn i barnehagen. Informantane mine og fagpersonar med bakgrunn frå barnehagen seier stort sett at dei er motstandarar av systematisk, massekartlegging av alle barn, medan det frå øvste hald, Stortinget, Stortingsmeldingar og liknande er ønske om meir systematisk kartlegging i barnehagen og bruk av standardiserte kartleggingsverktøy som til dømes TRAS.

Med eit stadig aukande fokus på kartlegging av barn i barnehagen er det særleg eit funn eg ynskjer å stille spørsmål ved. I St. meld. 41 (2008-2009) blir det stilt spørsmål ved om den førre rammeplanen (KD, 2006) hadde for lite fokus på barn med nedsett funksjon i barnehagen. Den gjeldande rammeplanen i dag seier noko meir om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, men nemner kartlegging berre i samband med helsestasjonen si rolle i språkkartlegging (KD, 2011). I februar i år kom det

tredje, og til no, siste forslaget til ny rammeplan som etter planen skal vere gjeldande frå 2016 (Ødegaard, 2014). Heller ikkje her er kartlegging av barn i barnehagen tatt med, til tross for at Stortinget i 2010 vedtok at språkkartlegging av alle barn i norske barnehagar skulle iverksetjast (Pettersvold & Østrem, 2012).

Dersom eg skulle arbeidd vidare er det fleire ting eg ville dvela vidare ved eller utdjupa. Eitt av elementa eg synast er interessant og ofte for lite fokus på i høve kartlegging av barn er samarbeid med foreldre og deira rolle i kartleggingsfasen. Som informantane mine gav uttrykk for er eit tett samarbeid med foreldre avgjerande for deira arbeid, likevel tenkjer eg det i dag er for lite fokus på kva foreldra kan bidra med og korleis dei blir involvert i arbeidet, til dømes gjennom samtale med barnehagelærar i barnehagen. For å finne ut av det ville det vore interessant å vere i kontakt med foreldre for å høyre korleis dei opplev det auka fokuset på kartlegging knytt opp mot mellom anna normalitet og avvik. Eit anna element eg kunne tenke meg å finne ut meir om er barna sin rett til personvern og nokre etiske omsyn knytt opp mot kartleggingsprosessen.

Prosessen med oppgåva har vore lærerik og interessant, slik eg hadde håpa på. Eg sit igjen med masse kunnskap som eg kan dra nytte av vidare i studiet og når eg sjølv skal arbeide som barnehagelærar.



## 7.0 Litteraturliste

- Belseth, K. A. (2012). Kartlegg – eller ta konsekvensene! *Første steg*, 2012 (3), 40-41.
- Dale, B. E. (2014). Kartlegging i barnehagen i eitt fagforeiningsperspektiv: Teach to test... Ein trugsel mot barnehagen sin eigenart? *Utdanning*, 2014 (14), 40-41.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Fagereng, K. M. (2009). Kartlegging av barn i barnehagen. *Utdanning*, 2009 (17), 44-45.
- Fagereng, K. M. (2012). Ja til flere pedagoger – nei til kartlegging. *Første steg*, 2012 (3), 42-43.
- Foreldreutvalget for barnehager [FUB]. (2011). *Et ressurshefte for foreldre og personalt om samarbeid: Hjem – barnehage*. Oslo: Printhouse.
- Frønes, M.H. (2014). Hvorfor observerer vi barn i barnehagen? *Barnehagefolk*, 2014 (1), 87-91.
- Hvidsten, B. I. B. (Red.). (2014). *Spesialpedagogikk i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Jacobsen, D. I. (2013). *Forståelse, beskrivelse og forklaring*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2011a). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2011b). *Vurdering av verktøy som brukes til å kartlegge barns språk i norske barnehager*. Hentet 10.12.2014 fra [http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Barnehager/Rapporter%20og%20planer/Ekspertergruppe/Vurdering\\_av\\_verktoy\\_2011.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Barnehager/Rapporter%20og%20planer/Ekspertergruppe/Vurdering_av_verktoy_2011.pdf)
- Mørland, B. (2008). Barnehagen – en del av det profesjonelle hjelpeapparatet. I Sjøvik, P. (Red.), *En barnehage for alle* (s. 76-102). Oslo: Universitetsforlaget.
- Nilsen, V.D. (Red.). (2014). *Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Pettersvold, M. & Østrem, S. (2012). *Mestrer, mestrer ikke. Jakten på det normale barnet*. Otta: Res Publica.
- Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Röthle, M. (2011). *Kartlegging i barnehagen*. Hentet 30.11.14, fra [https://www.utdanningsforbundet.no/PageFiles/77511/R%C3%B6thle\\_Kartlegging%20i%20barnehagen.pdf](https://www.utdanningsforbundet.no/PageFiles/77511/R%C3%B6thle_Kartlegging%20i%20barnehagen.pdf)
- St. meld. nr. 18 2010-2011 (2011). *Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov*. Bergen: Fagbokforlaget. Hentet fra <http://www.regjeringen.no/pages/16246827/PDFS/STM201020110018000DDDPDFS.pdf>
- St. meld. nr. 41 2008-2009 (2009). *Kvalitet i barnehagen*. Oslo: Akademika.

Sørums kommun. (u.å). *Veileder for arbeid med minoritetsspråklige barn i barnehage og skole.*

Hentet 09.12.2014, fra

[http://www.tjenestekatalog.no/vis/13826056/Veileder+for+arbeid+med+minoritetsspr%EF%BF%BDklige+barn+i+skole+og+barnehage\[1\].pdf](http://www.tjenestekatalog.no/vis/13826056/Veileder+for+arbeid+med+minoritetsspr%EF%BF%BDklige+barn+i+skole+og+barnehage[1].pdf)

Utdanningsdirektoratet. (2013). *Barn og ansatte i barnehager i 2013.* Hentet 09.12.2014, fra

<http://www.udir.no/Barnehage/Statistikk-og-forskning/Statistikk/Barn-og-ansatte-i-barnehager/?depth=0>

Utdanningsdirektoratet. (2014). *Tekstforslag til revidert rammeplan for barnehagen.* Hentet

13.12.2014 fra <http://www.udir.no/PageFiles/81698/Tredjeutkast-rammeplan-19-02-2014.pdf?epslanguage=no>

Utdanningsforbundet. (2010). *Kartlegging i barnehagen: Utdanningsforbundets debattheft.* Hentet

10.12.2014 fra

[http://www.utdanningsforbundet.no/upload/Pdf-filer/Publikasjoner/Brosjyrer/Kartlegging\\_bhagen\\_5LR.pdf](http://www.utdanningsforbundet.no/upload/Pdf-filer/Publikasjoner/Brosjyrer/Kartlegging_bhagen_5LR.pdf)

## 8.0 Vedlegg

Nedanfor ligg vedlegga som blir referert til i oppgåva. I dei transkriberte intervju (vedlegg 3-6) står nokre av spørsmåla tomme. Det er spørsmål vi ikkje gjekk direkte inn på i intervju på grunn av at informanten svara på det same i tidlegare spørsmål. Dei tomme spørsmåla har eg valde eg i transkriberinga å la stå tomme på grunn av nummereringa.

### 8.1 Informasjonsskriv

Sogndal, 07.10.14

Hei!

Eg er student ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avd. Sogndal, og skal ha praksis i barnehagen dykkar i veke 42-45. Samstundes med det skriv eg i haust bacheloroppgåve om kartlegging av barn i barnehagen. I forbindelse med det skal eg som ein del av oppgåva intervju pedagogiske leiarar med førskulelærarutdanning. Eg lurar difor på om du har moglegheit til å bli intervju av meg i veke **42, 43 eller 44**.

Spørsmåla i intervjuet tar mellom anna føre seg korleis ditt syn på kartlegging er, kva du legg i omgrepet og kva erfaring du har med tema som kartlegging og spesialpedagogikk. Her er eg **ikkje** ute etter noko fasit-svar og eg vil ikkje setje fokus på deg som informant. Målet er å samle informasjon frå fleire pedagogar slik at eg ut frå det kan sei noko om den kompetansen pedagogiske leiarar i barnehagen har innanfor tema kartlegging og spesialpedagogikk.

- Intervjuet er berekna til å ta om lag 45-60 minutt.
- Spørsmåla vil bli levert ut ein til to dagar på førehand slik at du får tid til å reflektere og tenke over spørsmåla.
- Bandopptakar vil bli nytta i intervjuet. Det er berre til mitt bruk når eg skal transkribere intervjuet og vil bli sletta etter ei veke.
- Dersom du ynskjer, kan du få lese gjennom det transkriberte intervjuet for godkjenning før eg nyttar informasjonen i oppgåva mi.
- All informasjon vil bli anonymisert.

Dersom du ynskjer å delta, eller ynskjer meir informasjon, ta kontakt med meg på telefon eller epost. Håpar på positivt svar!

Mvh.

Kjersti Yndestad  
3 klasse – Barnehagelærer  
Tlf: \*\*\* \*\* \*\*\*  
Epost: \*\*\*\*\*

## 8.2 Intervjuguide

- 1) **Kvar og når utdanna du deg?**
  - Eventuell vidareutdanning?
  
- 2) **Kva er di arbeidserfaring innan barnehagefeltet?**
  - Både i forkant og etterkant av utdanning.
  
- 3) **Kva legg du i ordet spesialpedagogikk?**
  
- 4) **Kva erfaring har du med arbeid innan feltet spesialpedagogikk?**
  
- 5) **Kva legg du i ordet kartlegging?**
  
- 6) **Kva erfaring har du med arbeid innanfor feltet kartlegging?**
  - Bruk av kartleggingsverktøy?
  
- 7) **Korleis har du tileigna deg kunnskap om kartlegging og spesialpedagogikk?**
  - Gjennom utdanninga?
  - Gjennom erfaring?
  
- 8) **Korleis meiner du ein som pedagogisk leiar skal arbeide med kartlegging av barn i barnehagen?**
  - Lik kartlegging av alle barn?
  - Valfritt frå pedagog til pedagog – eller faste retningslinjer?
  - Bruk av kartleggingsverktøy?
  
- 9) **Kven meiner du skal gjennomføre kartlegging av barn?**
  - Pedagog, fagarbeider eller assistent?
  - Kvifor?
  
- 10) **Har ein i barnehagen tid til å drive systematisk kartlegging av alle barn utan at det skal gå på bekostning av pedagogiske opplegg eller barna sin frie leik?**
  
- 11) **Korleis kan ein nytte resultat av kartlegging som hjelpemiddel til pedagogisk planlegging?**

**12) Kva skal til for at du ynskjer å kartlege eit barn meir spesifikt?**

**13) Er det skilnad på korleis ein arbeider med dei yngste vs. dei eldste barna når det gjeld kartlegging?**

**14) Trur du eventuelt «negative» resultat av kartlegging kan føre til «stempling» av barn?**

- Dersom ja, kvifor?
- Dersom nei, kvifor?

**15) Kva meiner du er «normalitet» og «avvik» blant barn?**

- Er det lett å vite kva som er normalt og ikkje?

**16) Trur du at auka fokus på kartlegging kan føre til at ein finn «feil» også ved friske og normalt utvikla barn?**

**17) Korleis meiner du at ein skal inkludere foreldre i høve til kartlegging og eventuelle resultat?**

**18) Synast du spesialpedagogikk og eventuelle resultat av kartlegging er tema som er vanskelig å ta opp med foreldre?**

- Dersom ja, kvifor?
- Dersom nei, kvifor ikkje?

### 8.3 Empiri – Nils

#### 1) Kvar og når utdanna du deg?

- Hisf, ferdig i 2009 – bachelor i førskulelærer.
- Vidareutdanning innanfor rettleiing.

#### 2) Kva er di arbeidserfaring innan barnehagefeltet?

- Før utdanning: Ingen erfaring.
- Etter utdanning: Ped.leiar frå 2009 og til no

#### 3) Kva legg du i ordet spesialpedagogikk?

- Formell utdanning frå høgskule med studiepoeng, men kan og vere kurs som spissar konkrete områder, til dømes COS.
- Ser på det litt todelt. Ei formell utdanning frå høgskule der du kanskje har spes.ped., ei eller to-årseiningar, formelt. Møter tilfeller som er i grenseland med barn, for min del har eg vore heldig å blitt sendt mykje på kurs, særleg spissa mot COS-sirkelen, psykologisk førstehjelp. Godt utbyte av det når ein møter på tilfelle.
- Kan seie det slik at «ja, det er eit avvik av den såkalla normalen slik at det blir eit litt spesial-tiltak som ein då må arbeide ekstra med for at du då har fått ekstra erfaring og ekstra kunnskap tilført i tillegg til grunnutdanninga».

#### 4) Kva erfaring har du med arbeid innan feltet spesialpedagogikk?

- Har ingen erfaring der eg har hatt formell arbeidsinstruks med spes.ped, men har hatt stor nytte av å jobbe med barn som krev ekstra regulering. Nyttan har då vore COS.
- Ser veldig fort med litt erfaring at her må vi faktisk jobbe med det barnet eller så kan det få konsekvensar utover relasjonar med andre barn og. Så då må ein jobbe ekstra der og. Så då er den COS blant anna eit veldig nyttig verktøy.

#### 5) Kva legg du i ordet kartlegging?

- Vere til stades å sjå barna på ein systematisk måte.
- Eg har prøvd å lage ein definisjon sånn som eg sjølv jobba. «Altså det viktigaste er at vi må vere tilstades å sjå ungane, men samtidig må ein gjer det på ein systematisk måte. Det er veldig viktig i starten av eit barnehageår at då må du faktisk ha med deg, eg fø min del eg bruka gjerne skjema som eg har laga sjølv der eg ser på det då spesielt ditta med tilknytning, korleis ungane er – om dei tar kontakt, om dei har evne til å «selje» sine interesser og at dei har evna til å kunne inngå samspel og kan få samhandling med andre barn. Det tenker eg at ved nye barn er det avgjerande at då må ein faktisk kartlegge og ein må sjå litegrande på det i starten. Men så tenker eg

det at når du kjem lenger ut i året og ser det at dei har fått på plass det med samspel, dei samhandlar med andre barn, då tenker eg at då kan du sleppe da litegrande, då skal du heller bruke tid og ressursar på dei du ser der da ikkje fungerer så godt. Så eg tenker det at tida vår er veldig dyrebar sånn at det er å prioritere.

**6) Kva erfaring har du med arbeid innanfor feltet kartlegging?**

- Avgjerande, må kartlegge barna.
- Logg, observasjonar – deltakande og løpande. Spesial tilpassa skjema som ein lagar sjølv for konkrete ting. Sosiogram.
- Tras e nok meir eit skjema som går meir på språk, som innehelde element av sosial kompetanse, men eg vil seie at logg, also då dei tradisjonelle, also at du har løpande/observerande protokoll, eg bruka det, så nemnte eg tilpassa skjema, eg vil seie da at da som kanskje, for dåke som tar utdanning, sosiogram, dei er veldig greie å bruke. Då får du eit innblikk, då sleppe du å skrive så mykje, men då har du den ungen som du vil sjå åso kan du då sjå mønsteret på kem han orienterer seg mot og så kan du og kanskje sjå tendensen over ei tid, så den type tradisjonell observasjon e då veldig greitt, men dei må vere lettfatta å bruke, dei må vere raske å bruke – ikkje så mykje tid på skiving, men atte ein har notat sånn at ein dannar seg eit solid bilde.

**7) Korleis har du tileigna deg kunnskap om kartlegging og spesialpedagogikk?**

- Gjennom utdanninga ved HSF og som pedagogisk leiar, og i praksis i utdanninga.

**8) Korleis meiner du ein som pedagogisk leiar skal arbeide med kartlegging av barn i barnehagen?**

- Alle barn må sjåast individuelt, og ikkje minst korleis dei samhandlar med andre barn. Årsplan, rammeplan (styringsdokument) legg føringar samt kulturen i barnehagen og tilpassa på avdelingsnivå.
- Eg tenke da at i begynnelsen, sånn som når eg hadde praksis i studiet, då va da jo veldig viktig å ha en veldig grundig dokumentasjon av flest mogleg, men eg tenke da at når ein får litt erfaring og ein ser tendensa so tenke eg da som nemnt, at i begynnelsen av eit barnehageår, ja då e da veldig i tråd med sånn som ein hadde da i studiet – grundigheit, da må ein gjere, men ein må då bruke skjønn og sjå då dei som kanskje haltar litt i, så eg vil seie det er behovsprøvd, da e da eg kan korte da ned til, da e behovsprøvd, da e da som e viktig å sjå tenke eg.

**9) Kven meiner du skal gjennomføre kartlegging av barn?**

- Pedagog har ansvaret, men er avhengig av årvåkne assistentar. Ikkje minst på det som går på rutinar og sampel/grupper.

→ Eg tenke da atte den som pedagogisk leiar har heilt klart ansvaret, men han er og veldig avhengig av atte assistentar, da vere seg fagarbeidarar, at dei er med på å hjelpe til og spesielt det her med å gje tilbakemeldingar på, also eg tenke som sånn at konkret så kan ein gjere da sånn atte visst vi e tre tilsette på ei avdeling, så er vi gjerne 18 unga, då kan vi ta, då kan vi ha ansvaret for seks stykke som går på kem leikar dei med, kem vil dei vere saman med, får dei vere saman med dei, er det spesielle situasjonar som gjer at samspelet blir brutt og og korleis dei fungerer i rutinesituasjonar, da feltet der, og då får ein på ein måte ei effektivisering og ein vil jo sjølv ha eit overblikk, hovudoverblikket på gruppa, men da e eit veldig godt hjelpemiddel då åso, ja visst ein assistent so seie da «atte du han Per, han ser eg no i da siste har vore litt meir tilbaketrukken når han har blitt levert om morgonen, foreldra seie det at han Pål og Espen dei har hatt litt tendens til å stenge han ute» og visst da då e den ungen som blir levert og da for eksempel er assistent Stine som har det så er det veldig greitt å snakke med ho, kanskje det er ho som tar i mot ungen, og då har ho kanskje sett og kan kanskje bekrefte da og kanskje nyansere da litt, åso får eg då tilbakemelding, sånn atte ein jobba litt systematisk, og da er veldig viktig å bruke alle ressursane vi har.

**10) Har ein i barnehagen tid til å drive systematisk kartlegging av alle barn utan at det skal gå på bekostning av pedagogiske opplegg eller barna sin frie leik?**

→ Nei, ein må vurdere det som går på samspel/tilknytning, sosial kompetanse. Ein bør vere i stand til å sjå når ein må sette inn ekstra tiltak. Ein skal ikkje setje seg inn på eit kontor og analysere velfungerande barn.

**11) Korleis kan ein nytte resultat av kartlegging som hjelpemiddel til pedagogisk planlegging?**

→ Ein skal bruke avd.møte og legge fram funn, spesielt med barn som må prioriterast. Dette bør leggest fram med fagleg tyngde. Deretter reflektere slik at alle får eit eigarforhold.

→ Eg tenke da at eg bruka da todelt. I starten på barnehageåret når ein skal integrere nye barn, så har ein spesielt fokus på dei. Og ein må ikkje gløyme dei gamle heller. Då tenke eg da at den kartlegginga den er todelt. Den seie noko om dei velfungerande, dei som vi skal, dei som vi veit at vi følgje opp på andre måtar sånn som med å trøste dei visst dei er lei seg og den daglege omsorga, men so tenke eg og da atte da viktigaste dar e visst at ein ser da atte her e da potensielle barn som trenge , som slite, du ser da atte dei har ikkje dei gode strategiane og dei har ikkje tryggheta og



dei må rett og slett få hjelp av ein meir kompetent, dei må rett og slett ha den der nærmaste utviklingstrinnet, vi må vere stilaset, og vi må vere den som støtta dei, og det er klart at visst du observerer for observasjonen sin del og ein ikkje evnar å sjå åso finne resultat, finne noke som er matnyttig, då ekje ein observasjon, då har ein ikkje lukkast med det, så ein observasjon meiner eg er eit fantastisk godt verktøy og ein då set i gang tiltak og da bli på ein måte so tydeleg ka du skal, ka du må gjere.

## **12) Kva skal til for at du ynskjer å kartlege eit barn meir spesifikt?**

- ➔ Når ein ser at barnet manglar strategi for korleis det evnar å gå inn i leik, eller å knyte seg til andre barn. Er det styrande, eller underdanig? Tek barnet kontakt med mindre barn, fordi barnet ikkje klarer å orientere seg inn mot barn på eigen alder på ein adekvat måte.
- ➔ Ja eg tenke da atte visst da e små, also dei yngste som kanskje e ein tre år gamle, så tenker eg da atte dar ska ein avvente litt fordi da kan vere modning, also e den treåringen fødd i desember eller e han fødd i januar, also korleis e ditta here, du må la han få tid. Men so tenke eg da atte visst da e ein unge som e fem år, kanskje skal begynne på skulen, og han orienterer seg nedover, den ungen manglar veldig mykje på å klare å selje sine interesser til jamnaldringar og reagerer med sinne, trass, då e da heilt openbart for meg at då må vi berre, vi må ikkje vente, då må vi setje i gong veldig veldig fort, så ein må sjå grada av da, da e sånn eg tenke da. Ein må og, da e klart atte ein har jo ein normal då, dissa her kurvene som ein har, men no er da jo slik at all utvikling e jo individuell då, men samtidig må vi kunne forvente at ein fem-åringen har større ressursar og har opparbeidd seg erfaring på å takle tilknytning og samspel enn ein som kanskje er tre år og kanskje ikkje blir tre år før til jul for eksempel.

## **13) Er det skilnad på korleis ein arbeider med dei yngste vs. dei eldste barna når det gjeld kartlegging?**

- ➔ Ikkje erfaring med spesialpedagogikk på barn som kommuniserer non-verbalt (småbarn).

## **14) Trur du eventuelt «negative» resultat av kartlegging kan føre til «stempling» av barn?**

- ➔ Dersom ein observerer for observeringa sin del, det vil seie ikkje prioriterer dei ein ser treng, men også analyserer dei velfungerande. Dersom ein gjer det med barn som absolutt treng dei.
- ➔ Eg tenke jo da atte visst da bli veldig akademisk, ein skal berre observere for å observere, og ein gløyme noko om prioriteringar som ein har vore inne for, dei som

ein virkelig treng, så kan ein kanskje sjå, ein kan kanskje bli så overivrig at ein kan begynne å tenke at «ja, e alt ditta her bra?» sånn at til slutt så blir det ein, ein kan bli usikker, visst da bli for grundig, slik at ein mysse perspektivet øve ka som, also da e noke med at nok er nok tenke eg, da e noke med at nok e nok. Eg tenke da atte da ja, eg tru da kan bli feil viss ein har, da har ein jo ikkje då, men la oss no sei teoretisk sett at du har ei gruppe med 18 barn, alle e meget velfungerande, dei e veldig velfungerande , så tenke eg då atte visst da e ein pedagog som tenke som so at ein må jo observere og vi må jo analysere dei, då er eg veldig redd for at då kan ein faktisk begynne å finne feil som ikkje e der, men heldigvis då so e da no slik atte da e unga som, da treng ikkje ve store ting, men da e unga som treng stillas, dei aller fleste unga treng stillas, men noken treng kanskje litt meir stillas, så eg håpar ikkje det er sånn at da e noke fare med da, eg håpa ikkje da, nei, eg håpa ikkje da.

**15) Kva meiner du er «normalitet» og «avvik» blant barn?**

- ➔ Kjem an på i kva setting ein ser det. Samspel og tilknytning har ein forventingar til. Avvik er enkelt å kartlegge i høve til den generelle «normalen», men kvifor det er eit avvik? Nei, det er ikkje alltid like enkelt å finne grunnen til.
- ➔ Eg vil seie det atte jo yngre ungane er, så kan det kanskje vere litt vanskelegare, det kan det, fordi at also det kan vere større ungar og så det er openbart, men eg tenke da atte mi erfaring er noke med å ha is i magen å vente å sjå da litt an. Då tenke eg og at da ha litt med kas setting ein ser da, also visst du ser samspel og tilknytning så er da klart at ein har jo forventingar , at ein har forventningar til avvik, also visst da e no då i forhold til den generelle utviklinga som ein ser på, visst da er heilt openbart so ska da vere, so bør da vere greitt å avdekke visst da er veldig tydeleg. Men kvifor det er slik det er ei anna sak. Da kan vere veldig veldig mange grunnar til, da kan vere grunnar som vi ser og vi kan gjere noko med, men så kan det og vere ting i frå tidlegare som ungen har med seg av ballast, da kan vere veldig mykje. Avdekke ja, i tilfeller der det er klart, men i gråsona så kan det vere at ein må vente litt før ein, før det skal lyse rødt. Ein må nytte skjønn.

**16) Trur du at auka fokus på kartlegging kan føre til at ein finn «feil» også ved friske og normalt utvikla barn?**

- ➔ Tja, det kan nok skje, dersom ein har ei avdeling med «mønsterbarn, godt innanfor» normalen. På det jamne vil det vere tilfeller der ein justerer litt. Kjem også an på det pedagogiske grunnsynet og eiga ballast. Dersom ein slit sjølv og er usikker, kan det bli «feil».

**17) Korleis meiner du at ein skal inkludere foreldre i høve til kartlegging og eventuelle resultat?**

- ➔ Viktig å leggje fram funn som «bekymrer» fort til foreldra. Ein skal då drøfte funna. Det skal skje fort. Kan hende dialogen kan stadfeste, eller oppklare mistydingar.
- ➔ Eg tenke da atte da e viktig å presisere at visst da e ting som tyder på, men då bli da alvorleg, visst da e ting som handla om, for å sei det heilt klart, misbruk og sånne ting, so skal ikkje foreldre inkluderast i heile tatt selvfølgelig. Men eg tenke på da at ting som ein finn som, ein har gjerne då gått nokre runder med seg sjølv, ein har diskutert da med kollegaer, diskutert da med styrar, åso finn ein ut at nei her går da faktisk, vi må gjere lite grande. Då tenke eg da at da e kjempe viktig når ein har komt til det stadiet at ein meiner ein må gjere noko, ta det fort opp med foreldra, ikkje vente på noko som helst måte til foreldresamtale, men be om ein ekstra foreldresamtale med dei, og da eg tenke e so viktig då da e atte, ja det som vi har funne, e da noke som foreldra nesten er på terskelen til å ta opp sjølv med barnehagen, kan det vere det at dei meiner det same, eller kan det vere ting som ungen, altså i den konkrete, visst da e no ein konkret situasjon då, kan da vere da at han gjere ting annleis heime, kan da vere da at vi er bekymra fordi ungen ikkje greier å gå på do, at vi nesten tenker da at da e jo ikkje sunt for han å gå so lenge, e da sånn heime og, also da e todelt – vi kan få det bekrefta eller vi kan få det forklart på ein annan måte, og då kan vi kanskje setje inn dei tiltaka som foreldra kjem med då, sånn at vi kan justere oss etter det. Men veldig viktig å, ja ein har plikt på å leggje fram ting tenker eg, men det skal vere fagleg vurdering/analysert, så skal ein gå vidare og diskutere det med overordna med styrar og med medarbeidarar , tenkjer eg er veldig viktig å drøfte. Når eg hadde, når eg var student sjølv, så var han Askeland som hadde skrive om foreldresamtalar, og der var det noko han var veldig klar på, det er det at når du har tatt observasjonar så skal du ha ein forsiktig konklusjon, men den konklusjonen SKAL du, ja du kan jobbe med den sjølv, men den skal aldri munne ut i ein fasit før du har diskutert med andre. Det er ein veldig viktig ting.

**18) Synast du spesialpedagogikk og eventuelle resultat av kartlegging er tema som er vanskelig å ta opp med foreldre?**

- ➔ Nei, ein vil det beste for barnet så lenge ein legg fram funn som er analysert fagleg og som er diskutert med styrar og andre medarbeidarar har ein plikt til å legge fram sine funn til foreldra.

→ Eg synst faktisk ikkje da. Ja i begynnelsen so va da veldig greitt also når du skulle skrive foreldresamtalar eller når du skulle «åh, ditta her e jo so greie samtalar, her er ikkje noke som trykker», men når du har jobba ei stund og du får meir erfaring så, men dette er individuelt då, så tenker eg at igjen; faglegheit og at du har vore nøktern og at du har vore fagleg og edruelig, så tenker eg det at eg for min del synst det er veldig greitt å ta det opp. Eg synst det er ein lettelse å ta det opp med foreldra.

#### **19) Noko anna?**

→ Eg tenke da at, eg kan ta eit lite tillegg på det her med observasjon, eg tenke da at det er viktig med observasjonar og det er viktig å bruke dei, og då tenkjer eg at eit fora som avdelingsmøte, at du då brukar teori, forenkla, gjere det om til eit enkelt daglegdags språk åso sette da opp mot det som vi skal prate om og så då legge, når du har lagt fram, så er det viktig at alle får eit eigarforhold til da der alle får reflektere og komme med moglege løysingar eller moglege forslag, tenkjer eg. Det og observasjon vere veldig nyttig til.

## 8.4 Empiri – Åse

### 1. Kvar og når utdanna du deg?

→ Barnehagelærer, som eg då endelig har lært meg å sei, ferdig utdanna i 2002. Gjekk i Bergen på lærarhøgskulen der

### 2. Kva er di arbeidserfaring innan barnehagefeltet?

→ Det var faktisk grunnen til at eg søkte, for når eg var ferdig med vidaregåande var eg faktisk på vei, men so kjente ei som var styrar i Halbrend bhg og som lurte ho på om eg ville jobbe der (skulle ha eit halvt år fri), og då tenkte eg «hmm, med litt meir teori oppå det her så må jo det bli heilt topp», so då blei det rett på.

→ Etter utdanning; Pedleiar sidan utdanninga, pluss eit halvt år som førskulelærer og styrarassistent i 1,5 år – no er eg ped.leiar men arbeider berre med spes.ped med støtte pedagog funksjon.

### 3. Kva legg du i ordet spesialpedagogikk?

→ Det tenke eg jo at det er eit fagområde for altså, dei som på ein måte, eg vil ikkje sei dette utanfor, men ikkje er innanfor normalen i forold til den vanlige pedagogikken då.

### 4. Kva erfaring har du med arbeid innan feltet spesialpedagogikk?

→ No har eg jo Vetle og der e jo masse spesialpedagogikk, men sånn elles har ikkje eg vore så mykje borti det. Eg ha jobba veldig masse på småbarnsavdeling, så der har vore ting men ikkje, eg har ikkje hatt så mykje som no. Eg va så vidt borti, men det er meir sånn, eg har hatt ein del sånn språktrening og sånt før.

### 5. Kva legg du i ordet kartlegging?

→ Nei, det e jo noko som ein brukar for å få meir kunnskap om ungane, altså det er alt frå observasjonar, intervju, samtalar, ja – hjelpemiddel til å finne ut meir om utviklinga til barnet.

### 6. Kva erfaring har du med arbeid innanfor feltet kartlegging?

→ Lite erfaring på grunn av arbeid på småbarn, men det som har vore i alle sida eg begynte er jo tras og språk, og da ha eg jobba masse med, og der har vi eige, fø den dekka jo ikkje dei yngste på småbarns, så der har vi eit eige sånt skjema , litt sånn som vi skal gå litt etter med tanke om at vi følgje litt med på dei tidlig. Elles e det jo ulikt alt etter i forhold til motorikk og samspel, altså eg har jo brukt ulike skjema der og, ja .

**7. Korleis har du tileigna deg kunnskap om kartlegging og spesialpedagogikk?**

- ➔ Kartlegging følte eg vi arbeidde mykje med i utdanninga, gjennom ulike typar observasjonar og sånn, men akkurat spesialpedagogikk hadde ikkje vi – det var veldig lite, då måtte du velje det som fag, så der hadde ikkje eg mykje.
- ➔ Gjennom erfaring og eigen innhenting av teori, lesing, men hovudsakleg erfaring ja. Også hjelp får kompetanseteamet har jo hjelpt mykje gjennom rettleiing.

**8. Korleis meiner du ein som pedagogisk leiar skal arbeide med kartlegging av barn i barnehagen?**

- ➔ Eg meina jo at, eg syns jo det er unødvendig å kartlegge alle, ikkje bortkasting av tid men at det er så mykje anna eg heller ville brukt tida på enn å kartlegge ungar som du ser fungerer normalt og har eit normalt språk, altså koffor skal du. Altså det er greitt at du skal sikre, det kan jo vere ting som, men ein tras-skjema tar jo veldig lang tid, og det er jo kanskje mykje anna du heller kunne brukt den tida på, som mange av ungane, så eg føle litt atte vi skal ikkje kartlegge alle med dei same verktøya.
- ➔ Har ikkje kjennskap til andre kartleggingsverktøy enn TRAS.

**9. Kven meiner du skal gjennomføre kartlegging av barn?**

- ➔ Pedagogen skal jo kvalitetssikre et TRAS-skjema, så eg meina jo at det er pedagogen sitt ansvar å ta utfyllinga, men altså eg syns jo at ein skal kunne diskutere, altså viktig å ta med assistentane på det slik at dei føler dei er med og, og dei ser jo mykje, da e jo dei som tross alt er mest med ungane, men eg syns at det må vere pedagogen sitt ansvar å ta det. Det er vi som har opplæring på det eller som har, så det meina eg. Men eg har jo brukt assistentane, eg såg eg gjor da i begynnelsen når eg va heilt ny, då brukte eg assistentane litt til å fylle ut, men så såg eg at nei det blir feil for eg måtte uansett gå over det å sjekke og då blei jo det og i forhold til tidsbruk ikkje heilt riktig. Dei siste åra har eg tatt dei sjølv, men eg har gått gjennom dei på møte sånn at eg har fått litt tilbakemeldingar på.

**10. Har ein i barnehagen tid til å drive systematisk kartlegging av alle barn utan at det skal gå på bekostning av pedagogiske opplegg eller barna sin frie leik?**

- ➔ Nei. Eg vil jo sei at det går på bekostning visst du skal fylle ut på alle som du egentlig meiner ikkje treng det, for det tar mykje av plantida. Då er det, då blir det mindre planlagde aktivitetar på avdelinga i den perioden du driv med utfylling av TRAS. Men so spør det jo om du, noken er jo veldig på at dei fyller ut i forhold til når ein unge har bursdag, at dei fordela på heile året, men vi har hatt litt sånn ein gang i halvåret

og då samla det seg jo. Du ha jo lyst å ha det til foreldresamtalane, sant so då bli da ein periode med mykje TRAS.

**11. Korleis kan ein nytte resultat av kartlegging som hjelpemiddel til pedagogisk planlegging?**

- ➔ Ein ser jo det, ein merka som ein sånn gjengangar ofte, er at om barna kan gåter og vitsar, det er sånn vi brenner oss på kvar gang, det har vi ikkje jobba med i år heller, det blir jo til at du legg opp til ting og du ser og veit om du har fleire som strevar med det same, til dømes setningsproduksjon, du bruka det jo for eksempel i samlingsstundene der du laga opplegg rundt det og tar det med heile gruppa.
- ➔ Siste året har vi jo faktisk brukt tras-skjema litt når vi har planlagt månedsplanane at vi har tenkt litt ka ska vi; her skal vi ha preposisjonar, sette da litt inn i, da bli jo litt både før og etter.

**12. Kva skal til for at du ynskjer å kartlege eit barn meir spesifikt?**

- ➔ Nei altså, det syns eg er mykje lettare no når eg har jobba i mangen år, når eg var nyutdanna syns eg det var ganske vanskelig; kva er vanleg og ikkje vanleg, men no ser eg ganske fort når det er noko som eg meiner er avvik på eitt eller anna, men det er mykje erfaring føler eg, syns det var vanskelegare når eg liksom ikkje hadde jobba så mykje, no har eg noken år på baken og då ser du da på ein heilt anna måte. Du veit meir ka som e vanlig og normal utvikling. Men du har heldigvis folk rundt det som kan hjelpe.

**13. Er det skilnad på korleis ein arbeider med dei yngste vs. dei eldste barna når det gjeld kartlegging?**

- ➔ Ja, altså, det blir jo forskjellig i forhold til språk og i kartlegging har du jo ein del kartleggingsverktøy og der du skal ha ein samtale eller sånn, det får du jo ikkje til med ett-åringen, og ikkje så mykje to-åringen heller, så det blir jo andre verktøy som du må ta i bruk. Mykje observasjonar og sånt i den.
- ➔ Ja, så føler eg jo og at sånn masse av, ein del ting oppdagar du jo tidlig, men så har du jo dei tinga som du kanskje ikkje oppdagar før nermare tre-års-alderen, sant atte du, då begynne ein med den i forhold til leiken, sånn at det blir jo meir kartlegging på ei stor avdeling enn på små, men du ha jo ein del ting som du allereie ser tidlig, så klart. Det meste av kartleggingsverktøy startar på to-årsalderen.

**14. Trur du eventuelt «negative» resultat av kartlegging kan føre til «stempling» av barn?**

- ➔ Ikkje i barnehagen. Vi er så profesjonelle at vi stempla ikkje noken med at der er avvik, då tar vi jo tak i det og gjer noke med det, men eg har jo møtt personar med

sånn «oi», at foreldre som er negative med ein gang dei høyrer at vi søker råd hos PPT for eksempel, at min unge skal ikkje vere ein sånn unge, så det er faktisk ein del ting utafør, men det, eg har ikkje opplevd det på barn eg har hatt i barnehagen, men eg har hørt unga, eller andre foreldre snakke om at dei ser ned på altså «eg skal ikkje ha min unge, min unge skal ikkje ha noke med PPT å gjere», men eg vil tru at visst den ungen trengte hjelp at ein klarte å sjå at da e jo for å hjelpe og for at ungen skal få det bra. Det er nok lett for å få ein «sånn negativ» på utsida, men eg har aldri opplevd det i gruppa at det har vert noke.

**15. Kva meiner du er «normalitet» og «avvik» blant barn?**

➔ Det viktigaste er at du har nokon du kan snakke med når du har, men før gjekk eg jo mykje meir til styrar og ass.styrar visst det var noko, men du trengje noken til å støtte deg i det, og då få ei bekrefting på eller eventuelt ikkje. Eg føle ein blir veldig tatt på alvor når ein kjem med noko slikt. Så er det jo viktig å diskutere med dei på avdelinga og høyre kva dei har obsevert.

**16. Trur du at auka fokus på kartlegging kan føre til at ein finn «feil» også ved friske og normalt utvikla barn?**

➔ Ja, det kan bli lett sånn at ein går å leitar etter feil i staden for å sjå etter det positive, men eg vil jo ikkje sei at, i alle fall ikkje her er vi der at vi driv å, komt så langt at vi driv å kartlegg å finn feil. Det er vel og ein av grunnane til at eg meiner vi ikkje skal kartlegge alle, men eg trur ikkje at det vil ha noke å sei, at dei som e normalt og friske utvikla at dei vil få noke meir, nei.

**17. Korleis meiner du at ein skal inkludere foreldre i høve til kartlegging og eventuelle resultat?**

➔ Det kjem jo an på kva som er utfordringa, men eg tenker at når eg har mistanke så vil eg jo alltid, altså observere og kartlegge ein del før eg tar kontakt med foreldre, eg går ikkje til foreldra å seie at eg har mistanke om eller seier meiner noko om før eg har ein del ting som viser at her er det kanskje noko. Så vil eg jo då ta ein samtale, eg venta jo ikkje då heilt til foreldresamtalen, så informere, så kjem det jo an på, altså er det PPT inn i bildet skal du jo ta det, men det er viktig å informere dei i tide, altså visst du har sett noke lenge og så anar dei ingenting, men eg likar å ha litt bakgrunn før eg prata med dei.



**18. Synast du spesialpedagogikk og eventuelle resultat av kartlegging er tema som er vanskelig å ta opp med foreldre?**

→ Ja, noken ting er jo vanskelegare enn andre. Akkurat det med språk og sånt syns eg er ikkje noko problem, der har dei som oftast merka sjølv at her er det noko, men når det er barn vi meiner i forhold til samspel og ikkje fungerer sånn som dei vanligvis skal, det er ikkje noko kjekt for då veit ikkje du heilt korleis dei reagerer, men det kjem altså an på tema. Det blir som at nokon foreldresamtalar brukar du ikkje noko energi på å kvi deg til for du veit at dei er veldig imøtekommande, medan andre veit du at blir utfordrande.

**19. Noko anna?**

→ Spesialpedagogikk er eit viktig tema, så det er bra at du tar det opp.

## 8.5 Empiri – Kari

**1. Kvar og når utdanna du deg?**

→ Sogndal, 1995

→ Vidareutdanning i Rettleiing 1 år, pluss 1 år førebyggjande arbeid for barn og unge

**2. Kva er di arbeidserfaring innan barnehagefeltet?**

→ Ingen erfaring i forkant av utdanning. 1,5 år som pedleiar, assisterande styrar – styrar frå 99.

**3. Kva legg du i ordet spesialpedagogikk?**

→ Noko ekstra utover vanleg innhald i bhg, ikkje nødvendigvis enkeltvedtak.

→ Barn som må ha noko ekstra utover den vanlege innholdet i barnehagen – det ordinære innholdet. Og at det må ikkje nødvendigvis vere enkeltvedtak, men i mange saker er det enkeltvedtak.

**4. Kva erfaring har du med arbeid innan feltet spesialpedagogikk?**

→ Som styrar. Lagar vedtak basert på uttale frå PPT.

→ Involvert i tilmeldingar, møter med PPT og foreldre, skriv vedtaka ut frå sakkyndig uttale. Sikkert litt uvanleg, men det gjer Førde kommune.

**5. Kva legg du i ordet kartlegging?**

→ Observere, teste, bestille testar.

→ Ikkje erfaring sjølv, men les kartleggingar og er på møter for å få tilbakemeldingar til dømes av PPT, BUP og barnevern er involvert i prosessen.

→ Observasjonar, gjennomføre testar.

**6. Kva erfaring har du med arbeid innanfor feltet kartlegging?**

- Tras, Renell → språk og evne-test (kompetanseteamet, PPT)
- Lese, tilbakemelding.
- Vi har også skjema som går på barn frå 1-2 år på språk, for å kartlegge om det skal setjast inn ytterlege tiltak.

**7. Korleis har du tileigna deg kunnskap om kartlegging og spesialpedagogikk?**

- I samtale med eksterne samarbeidspartar, gjennom erfaring, samarbeid med pedagogar, lærer mykje gjennom dei.

**8. Korleis meiner du ein som pedagogisk leiar skal arbeide med kartlegging av barn i barnehagen?**

- Alle må gjennomføre tras, men dersom det er barn som scorer veldig lavt på tras eller avviker av andre grunner, sosialt eller emosjonelt, blir det gjort observasjonar, ytterlege observasjonar og at vi drøftar det anonymt med BUP for høyre om det er ei bup-sak, eller PPT, men ingen saker blir meldt til PPT utan at det er ei førmelding. Dei silar sakene før dei blir meldt fordi dei har ei veldig god oversikt over alvorlighetsgrad. Dei treff foreldra og diskuterer for å sjå om det er ei sak som skal meldast.
- Ein må velje kartlegging utifrå problemstilling, sånn at vi søker jo kompetanse i ulike leiarar; barnevern, PPT, BUP og helsestasjon. Men unga som ein tenker har ei normal utvikling skal ikkje gå gjennom kartlegging, utanom tras-registreringa.

**9. Kven meiner du skal gjennomføre kartlegging av barn?**

- Pedagogane skal gjennomføre, kvalitetssikre. Vi er opptatt av at assistentane observerer og kjem med sine refleksjonar i forhold til utviklinga til barnet, men det er pedagogen som kvalitetssikrer det. Det er ikkje slik at ein assistent gjennomfører ferdig tras-skjema

**10. Har ein i barnehagen tid til å drive systematisk kartlegging av alle barn utan at det skal gå på bekostning av pedagogiske opplegg eller barna sin frie leik?**

- Periodevis opp mot foreldresamtalar. Det blir litt slik at vi har periodar på året der vi kartlegg, og då har ein ekstra fokus på det før samtalane. Men også når barna oppnår noko, til dømes at ein øver på fagar med eit barn, så fyller ein ut i staden for å vente til neste formelle utfylling.

**11. Korleis kan ein nytte resultat av kartlegging som hjelpemiddel til pedagogisk planlegging?**

- Blir lagt inn i planar, til dømes barn som slit med t-lyden. Ulike metodar for å sikre.

**12. Kva skal til for at du ynskjer å kartlege eit barn meir spesifikt?**

→ Eg trur eg aldri har vore inn og oppdaga eit barn utan at pedagogen og veit om barnet, men det at eg og meinar noko om det barnet har gjort til at tiltaka har komt fortare i gang, men som regel kjem pedagogen med bekymringa til meg.

**13. Er det skilnad på korleis ein arbeider med dei yngste vs. dei eldste barna når det gjeld kartlegging?**

→ Basisferdigheiter. Hjå dei yngste går det mykje på samspel, tiltak i forhold til samspel, tiltak i forhold til biting, tiltak i forhold til språk. Å lære basisferdigheiter er det sentrale.

**14. Trur du eventuelt «negative» resultat av kartlegging kan føre til «stempling» av barn?**

→ Eg trur det er verre å komme til ungdomsskulen å vite at du har asberger. I barnehagesamanheng tenker eg at stemplingseffekten er ikkje fordi at ein finne ut at dette barnet treng tiltak, dette barnet har alle oppdaga, alle dei andre barna har oppdaga at barnet er det noko med, så visst ikkje vi hjelper dei å komme opp på eit høgare nivå innanfor dei vanskane det har, det tenke eg at det skal ikkje vi unngå fordi det ikkje skal bli stempla. Allereie e da stempla fordi at den viser noko avvik i atferd. Eg tenker ikkje at vi er dei som fører til den stemplinga. Den stemplinga vil skje dersom vi ikkje gjer noko.

**15. Kva meiner du er «normalitet» og «avvik» blant barn?**

→ Nokon er veldig i gråsona og då må vi dra inn mange perspektiv; kva kan tilseie at dette er normalt og kva kan tilseie at dette ikkje er normalt? Vi er jo heldige så er i ein barnehage med ti førskulelærarar og mange fagpersonar til å kunne vere med å vurdere. Grensa tenker eg ein svakheit når det er berre ein pedagog på ei avdeling.

**16. Trur du at auka fokus på kartlegging kan føre til at ein finn «feil» også ved friske og normalt utvikla barn?**

**17. Korleis meiner du at ein skal inkludere foreldre i høve til kartlegging og eventuelle resultat?**

→ Veldig tidlig, kva. Med ein gong vi begynner å kartlegge involverer vi dei. Kva er det vi er bekymra for må vi vere opne på heile vegen. Kva kan dei bidra med i forhold til trening, kva skal vi bidra med? Alle slike felt er jo ein tanke at trening, tilrettelegging og avgrensing skal føre til at barnet kan heve seg, så dei er involvert frå første stund. Veldig opne linjer med foreldra i alle saker, utanom overgrep. Ikkje noko hemmelig. Og at barnehagen tilbyr rettleiing gjennom PMTO

**18. Synast du spesialpedagogikk og eventuelle resultat av kartlegging er tema som er vanskelig å ta opp med foreldre?**

→ Eg er inne i alle saker der det er spesielle ting vi må ta med foreldra. Det som er vanskelegast er når vi trur at det er veldig sviktande foreldrefunksjon, og vere tydeleg på det, og når det er sterke konflikter mellom foreldra som går utover barnet.

**19. Noko meir?**

## 8.6 Empiri – Liv

1. **Kvar og når utdanna du deg?**
  - Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal – 1988-1991
  - Rettliing i Marte Meo
2. **Kva er di arbeidserfaring innan barnehagefeltet?**
  - I etterkant som ped.leiar på avdeling.
3. **Kva legg du i ordet spesialpedagogikk?**
  - Fagfelt innanfor pedagogikken som favnar om dei som har vanskar av ulike slag. Eit spissa kompetanseområde som til dømes logoped, synspedagogikk, etc.
4. **Kva erfaring har du med arbeid innan feltet spesialpedagogikk?**
  - Barn med funksjonshemming, barn med emosjonelle vanskar, barn med autisme og barn med språkvanskar.
5. **Kva legg du i ordet kartlegging?**
  - Utreiding i kva barnet meistrar.
6. **Kva erfaring har du med arbeid innanfor feltet kartlegging?**
  - Tras (språk), askeladden, alle med (sosial kompetanse).
7. **Korleis har du tileigna deg kunnskap om kartlegging og spesialpedagogikk?**
  - Gjennom erfaring.
8. **Korleis meiner du ein som pedagogisk leiar skal arbeide med kartlegging av barn i barnehagen?**
  - Er i mot massekartlegging av barn. Viktig at barnehagelærarar har nok kunnskap og ser normalutviklinga til å vurdere kven som treng kartlegging. Er skeptisk til at alle barn skal TRAS-registrerast. Ingen statlige føringar på dette, men enkelte kommunar, som Førde, har valt å gjere dette.
9. **Kven meiner du skal gjennomføre kartlegging av barn?**
  - Pedagog, fordi det høyrer til vår profesjon.
10. **Har ein i barnehagen tid til å drive systematisk kartlegging av alle barn utan at det skal gå på bekostning av pedagogiske opplegg eller barna sin frie leik?**
  - NEI! Skal ein gå grundig til verks, vil dette ta tid, spesielt for nyutdanna som ikkje har eit «trena» auge for å observere kontinuerlig. Trur at kartlegging av alle barn vil vere med på å innsnevre normalitetsomgrepet, og at det vil vere ein «tidstjuv». I eit naturleg samspel mellom barn-barn og vaksen-barn. Ein slik praksis kan og fange inn feil fakta og skape ein ide om at problema er større enn dei er.

- 11. Korleis kan ein nytte resultat av kartlegging som hjelpemiddel til pedagogisk planlegging?**
- Til å førebu praksisen. Til å skreddarsy opplegg som er tilpassa barnet sine utviklingsmål.
- 12. Kva skal til for at du ynskjer å kartlege eit barn meir spesifikt?**
- Når barnet har vanskar innanfor språk, motorikk, sosialt samspel eller det kognitive området.
- 13. Er det skilnad på korleis ein arbeider med dei yngste vs. dei eldste barna når det gjeld kartlegging?**
- Yngre barn treng korte økter, ein må vere meir konkret.
- 14. Trur du eventuelt «negative» resultat av kartlegging kan føre til «stempling» av barn?**
- Det kjem an på pedagogen og dei etiske vurderingane han/ho til ei kvar tid har. Ein skal vere forsiktig med kartleggingsverktøy som plasserer barn i «meistrar-meistrar ikkje»-båsar.
- 15. Kva meiner du er «normalitet» og «avvik» blant barn?**
- Ja – normalitetesomgrepet er vidt. Lett å sjå dei barna som fell utanom – vi skal vokte oss vel for å «scanne» friske barn.
- 16. Trur du at auka fokus på kartlegging kan føre til at ein finn «feil» også ved friske og normalt utvikla barn?**
- Ja, til ein viss grad.
- 17. Korleis meiner du at ein skal inkludere foreldre i høve til kartlegging og eventuelle resultat?**
- Foreldre bør få innsikt i kva slags kartlegging som skal skje.
- 18. Synast du spesialpedagogikk og eventuelle resultat av kartlegging er tema som er vanskelig å ta opp med foreldre?**
- Nei, men arbeidet i forkant av dette er meir vanskelig. I kartleggingsfasen er foreldra allereie involvert og informert og har då ei viss oppfatning av at barnet har eit hjelpebehov. Den «vanskelege» samtalen startar gjerne på eit tidleg tidspunkt.
- 19. Noko meir?**